

Sandbu

gard og slekt

Knut Raastad, april 2026



Sandbusgardane ca. 1900. Foto frå Gunnar Gjesling Sandbo, Vågå historielags fotoarkiv.

Sandbusgardane i Vågå

På 1600-talet var det fem Sandbusgardar:

Uppigard Sør-Sandbu 5 huder var odelsgods/bondegods.

Nigard Sør-Sandbu 5 huder var odelsgods/bondegods.

Uppigard Nord-Sandbu 4 huder tilhørde Vågåkyrkja fram til 1724.

Nordgard Nord-Sandbu 3 huder var herremannsgods, i 1719 var det bondeeeige.

Sy gard Nord-Sandbu 3 huder var krongods fram til 1730, frå 1667 vart garden brukt som offisersgard / kapteinsgard.

Husa på sy gard låg truleg saman med dei andre Nord-Sandbusgardane, like aust for nordgard. Sy gard vart i 1756 delt i to, nistugu og oppistugu på 1 ½ hud kvar. Oppistugu vart i 1836 samanslege med nordgard Sandbu. Gardstunet på sy gard nistugu vart flytta og er det som nå blir nemnd som Kræmar-Sandbu. I Norske gardsbuk står det at våningshuset er frå 1820 så flytjinga kan vera frå tida da krigsråd Molbech Lundh kom der i 1823.

Uppigard Nord-Sandbu vart i 1919 samanslege med nigard Sør-Sandbu og det vart bygd opp nytt gardstun nede på jordet nedanfor det gamle tunet på nigard. På oppigard nord står det att ei stugu ovanfor husa på nordgard, fleire hus vart flytta til det gamle tunet på nigard. Det gamle tunet på nigard, «Gammelgarden» vart frådelt i 1977.

Nigard Sør-Sandbu	side 4
Uppigard Sør-Sandbu	side 10
Sy gard Nord-Sandbu	side 15
Sy gard nord nistugu – Kræmar-Sandbu	side 17
Sy gard nord oppistugu	side 20
Nordgard Nord-Sandbu	side 24
Uppigard Nord-Sandbu	side 29
Krokum, Volden	side 33
Sælatunga	side 36
Skjellum, Steinset, Skjelhaugen	side 38
Sandbuslykkja, Vassdokken	side 42
Rudistugu, Hestlykkja, Steine	side 47
Rudi, Voldheim	side 51
Sandbushaugen, Furuhaug, Solheim	side 53



Flyfoto frå 1964 viser til høgre det gamle tunet på oppigard og nigard Sør-Sandbu. Til venstre var det gamle Nord-Sandbu der husa på nordgard og ei stugu på oppigard er att. Der låg truleg også sygard.

På 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til gards- og slektshistorie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljingar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljingar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøking av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.



Nigard Sør-Sandbu

Sandbu, nigard sør

Mnr./Lnr. 14/19. Gnr. 15 bnr. 1.

Steinar Sandbu betalte skatt av 2 huder i Sandbu i åra 1610 til 1624.

Koppskatten 1645 viser Amund som brukar av Sandbu. Amund Steinarsen Sandbu d.ca. 1660 var gift med Sønne Iversdotter upp. Sør-Sandbu d.ca.1677. Ved skifte i 1677 eigde Sønne 3 huder i nigard Sandbu (oppført på sonen i 1668). Amund og Sønne hadde 5 barn:

Iver f.ca.1636 d.ca.1695, neste brukar

Peder f.ca.1640 d.ca.1681, g.m. Kari Syversdtr. Håkenstad f.ca.1645 d.1683

Stener f.ca.1643 d.1695, g.m. Eldri Pedersdtr. Faukstad upp. f.ca.1650 d.1717

Barbro f.ca.1645 d.ca.1692, g.m. Tord Tordsen Bjølstad 1625-1680

Kari d.ca.1719, g.m. Ole Jonsen Sorem f.ca.1649 d.ca.1704

Manntalet 1666 viser at nigard søre Sandbu var på 5 huder. Brukar var Iver Amundsen. Matrikkelen 1668 viser at Iver var eigar av 3 huder, Thor Bjølstad eigde 1 hud, Guttorm Grosberg 9 skinn og Jon Skjedsvold 3 skinn. Ivar Amudsen var gift med Guri Sjugurdsdotter Myrabø i Romsdalen, dei hadde ikkje barn.

Skoskatten 1711 viser Einer Sandboe med hustru og 5 barn. I 1727 var det skifte. Ener Siverson Hole n. Lesja var gift med Gunild Pedersdotter Håkenstad dotter til Peder Sandbu nig. sør f.ca.1640 d.1679 og Kari Syversdr. Håkenstad. Gunhild overtok dermed etter onkelen ved skifte i 1696. Einer og Gunhild hadde 6 barn:

- Peder f.ca.1687 d.1738, neste brukar
- Kari, g.m. Hans Christophersen
- Marit, g.m. Gulbrand Hansen Snerle s.
- Sønne f.ca.1705
- Siver f.ca.1707
- Kari f.ca.1713, g.m. Siver Gulbrandsen Snerle 1710-1797

Peder Enersen Sør-Sandbu f.ca. 1687 d.1738 overtok med skjøte i 1727. Peder var gift med Marit Thorsdotter Romundgard f.1698 d.ca.1765 dotter til Tord Tostensen Romundgard og Ingeborg Poulsdr. Peder og Marit hadde 6 barn:

- Ener 1729-1785, neste brukar
- Tord f.ca.1729 d.1802, på Romundgard, seinare brukar
- Imbiør f.ca.1731, ugift
- Gunnild, g.m. John Larsen Arnekleiv
- Ingri f.ca.1734, d.ca.1786, syskena arva
- Kari, g.m. Ejner Larsen Holongsøyen

Ener overtok i 1764 Sandbu 5 huder med skjøte frå mora Marit for 1800 rd. inkl. lausøre, mora skulle ha føderåd. Skifte i 1785 viser at det var syskjena som ervde Ener som ikkje hadde barn.

Tord Romengaard overtok etter broren og fekk i 1788 skjøte på Sandbu 5 huder for 1831 rd. Tord Persen Romundgard f.ca.1729 d.1802 var gift med Rønnaug Jonsdotter Garmo u. 1749-1829 dotter til Jon Knutsen Storvik d.1774 og Rønnaug Engebretsdtr. Valde s. f.1723. Tord og Rønnaug hadde 8 barn:

- Tosten f.ca.1768, neste brukar
- Kari 1766-1792, g.m. Hans Hansen Snerle 1761-1799
- Mari 1773-1869, seinare brukar
- Tord 1776-1851, g.m. Ingrid Ivarsdr. Fellese 1776-1844
- Pål f.ca.1781 d.før.1801
- Ener f.ca.1786 d.1874, g.m. Giedsken Jensdr. Tronhuus 1784-1844. Til Smedsmo.
- Jon 1789-1878, ugift
- Peder f.ca.1794

Tosten Tordsen f.ca.1768 d.1825 fekk i 1794 skjøte på Sandbu frå faren for 1599 rd. Tosten var i 1801 gardbrukar. Han vart 1794 gift med Elie/Else Hansdotter Snerle f.ca.1765 d.1845 dotter til Hans Gudbrandsen Snerle s. 1723-1809 og Maren Johannesdr..

I 1823 makeskifta Tosten garden Sandbu mot Laurgaaard. Ole Andersen Laurgaard 1773-1856 var gift med Mari Torsdotter Romundgard Sandbu 1773-1869 som var syster til Tosten.

Ole Andersen var son til Anders Olsen Laurgaard f.ca.1730 d.1811 og Marit Olsdtr. f.ca.1742 d.1821. Ole og Mari hadde 9 barn:

Anders 1796-1796

Marit f.ca.1797, g.m. Paul Eriksen Rusten, Dovre f.1795

Anders 1799-1870, neste brukar

Rønnaug f.1802, g.m. Jakob Hansen Aasaaren Øverbø f.1799

Imbjør f.1804, Paul Tordsen Olstad n. 1787-1868

Kari 1806-1896, g.m. Thor Andersen Sve 1799-1873. Til Kræmarsandbu

Thor 1808-1885, g.m. Ragnhild Olsdtr. Viste f.1818. Til Uleberg.

Mari 1812-1893, g.m. Iver Olsen Viste u. 1813-1854

Ole f.1814



Nigard Sandbu

Anders Olsen fekk skjøte på Sandbu i 1846 for 1200 spd og føderåd til foreldra. Anders Olsen Sandbu var gift med Guri Olsdotter Sandbu upp. sør 1806-1879 dotter til Ole Guttormsen f.ca.1751 d.1831 og Gunhild Jakobsdtr. Sandbu nordg. nord 1780-1842. Anders og Guri hadde 3 barn:

Torstein 1832-1891, neste brukar

Ola 1834-1909, seinare brukar

Mari 1837-1912, g.m. Jørgen Pålson Ulheim, Dovre 1827-1887

Heimdalen vart frådelt i 1860 med kjøpekontrakt til landhandlar Thor Andersen Sve og Paul Haagenstad frå eigarane av både nigard Sandbu og oppigard sør Sandbu, kjøpesummen var 2500 spd. Kjøpekontrakta viser at både Anders og sonen Torstein var kontraktspartar for nigard Sandbu. Skjøte i 1874 var frå Anders Sandbus arvingar.

Torstein Andersen Sandbu 1832-1891 festa bort ein plass i 1882 og skreiv ut ein panteobligasjon i 1888, dette viser at han var eigar av nigard Sandbu etter at faren døydde i 1870. Men det ser ikkje ut til at det har vore tinglyst hjemmel, dermed kan det ha vore uskifta eige. Torstein var ugift, han hadde med Marit Jakobsdtr. Sandbu n-n 1844-1919 1 barn:

Guri 1864-1928, g.m. Hans Kjenseth, Biri 1860-1930

Ole Andersen 1834-1909 overtok truleg Sandbu etter at broren Torstein døydde i 1891.

I 1910 var det skjøte på Sandbu frå skifteforvaltar i Ole Andersen Sandbus dødsbu til Knut Flatmo for kr 23600,- og lausøyre kr 1400,-, herav pant i eigdommen for kr 18000,-, samt føderåd til Anne Svelstad d.1922 verdsett til kr 1400,-. Knut Jakobsen Flatmo f.1862 på Sagflaten i Lom vart 1884 gift med Guri Erlandsdotter Råsbakken n, Lom f.1857. I 1880- og 90-åra var dei på Flatmo i Lia i Lom, i 1900 på Døsen i Fåberg. Etter Sandbu var dei på nordgard Valde og Lye. I 1910 vart Knut nemnd som gardbrukar og emisær.

Syster til Ole Andersen, Mari Andersdotter Sandbu 1837-1912 var gift med Jørgen Pålsen Ulheim, Dovre 1827-1887 son til Mari Olsdtr. Sandbu nig. f.ca.1797 og Paul Eriksen Rusten f.1795. Mari og Jørgen hadde 2 barn:

Marit f.1857 g.m. Tord Toresson Rødølen

Guri 1864-1943, g.m. Tor Pålsen Snerle s. 1859-1914, på Ulheim.

Sonen Paul Torsen Ulheim 1893-1953 tok i 1911 att Sandbu på odel. Det går fram av panteboka i 1917 at kjøpesummen var kr 19000,- og at kjøparen vart nemnd som Paul Rusten, men dette var truleg Paul Ulheim for det var han som i 1911 leigde bort ei tomt. Paul som i 1911 var 18 år gammal hadde Sandbu i berre eitt år, i 1930 overtok han Ulheim.

Rolv Vaagaasar 1887-1937 overtok Sandbu i 1912 med kjøpesum kr 20500,-. Korkje Paul Ulheim eller Rolv Vaagaasar hadde tinglyst hjemmel. Rolv var son til Jon Rolvsen Geilo, Skjåk 1864-1949 og Juliane Halvorsdtr. Engjom 1862-1937. Rolv vart 1921 gift med Marit Hansdotter Sandbushaugen 1890-1958 dotter til Hans Sandbuhaugen og Marit Holen. Rolv og Marit kjøpte Fellese i 1923, dei hadde 3 barn.

I 1917 var det skjøte på Sandbu frå Knut Flatmo, vedteke av Paul Ulheim og Rolv Vaagaasar. Skjøtet var til dr. Ewald Bosse på Sandbu gnr. 15 bnr. 1 samt gnr. 16 bnr. 6 Sandbusvolden nordre for kr 40000,-. Kjøpekontrakta var mellom Rolv Vaagaasar og Bosse. I 1918 vart 15-1, 16-6 og 16-8 Uppigardsteigen (kjøpt frå oppigard i 1918) samanføyd til eitt bruk. Sandbusvolden søre gnr. 15 bnr. 9 vart frådelt i 1917, dette var makeskifte med oppigard Sør-Sandbu mot gnr. 16 bnr. 6.

I 1919 var det skjøte frå dr. Ewald Bosse til kona Margit Bosse for kr 35000,-. Ho kjøpte same året oppigard Nord-Sandbu, og gardane vart dermed samanslege.

I 1920 var det skjøte frå Margit Bosse til skipsreder Fred Olsen for kr 150000,- samt lausøyre kr 125000,-. I denne tida vart det bygd nytt gardstun for gardsdrifta lenger nede på jordet.

I 1937 var det skjøte frå Fred Olsens arvingar til medarving Rudolf Olsen på denne eigedom og oppigard Nord-Sandbu gnr. 19 bnr. 1 for kr 57000,-.

Kjell Holm kjøpte Sandbu i 1941 av skipsreiar Rudolf Olsen, Oslo. Kjell Holm, Ålesund f.1919 var son til Aksel Holm 1890-1947 og Gunvor Sørensen, Fredrikstad 1897-1985. Skjøte frå Rudolf Olsen til Kjell Thalberg Holm for kr 150000,- er frå 1950.

Nigard Sandbu



Gamlegarden Sandbu gnr. 15 bnr. 27 vart utskild i 1977, og Kjell Holm heldt att dette.

Kjell Erik Killi-Olsen f.1952 overtok i 2016.

Garden elles vart i 1978 seld til Lars Ole Anderssen, Brumunddal f.1954 son til Ole M Anderssen, Hamar f.1931 og Ruth Solheim f.1923. Lars Ole vart 1980 gift med Åse Marit Flittie, Lesja f.1955 dotter til Tronn Flittie f.1911 og Gunhild Kvisle, Sigdal f.1914. Lars Ole og Åse Marit har 4 barn:

Kari Synnøve f.1982
Ole Tronn f.1984, neste brukar
Per Kristian f.1986
Lars Erik f.1994

Ole Tronn Andersen overtok i 2016.

Dokkje gnr. 15 bnr. 17 som ligg ovanfor Søremschaugen vart frådelt frå nigard Sandbu i 1939 med skjøte frå Rudolf Olsen til Gustav Søremschaugen for kr 1,-.

Steindalsvegen 188, Skogli gnr. 15 bnr. 24 vart 1975 frådelt frå nigard Sandbu med skjøte frå Kjell Holm til Jens Vassdokken f.1932.

Steindalsvegen 200, Canada gnr. 15 bnr. 28 vart 1983 frådelt frå nigard Sandbu med skjøte frå Lars Ole Anderssen til Svein Søremschaugen f.1955.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Jon Kolden, 2005: Bygdabok for Lom 3

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, pantebok, folketeljinger mm.

Gunnar G. Sandbo: Nedteikningar på oppigard sør Sandbu

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Nigard Lunde, Fellese

Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800



Uppigard Sør-Sandbu

Sandbu, oppigard sør

Mnr./Lnr. 15/20. Gnr. 16 bnr. 2.

Ivar Amundsen Sandbu f.ca.1544 d.ca.1634 betalte skatt av 5 huder i Sandbu i åra 1610 til 1625. Iver hadde 10 barn:

Kari f.ca.1573, g.m. Knut Olsen Kleppe n. 1590-1667

Anne f.ca.1591, g.m. Per Trondsen Valbjør f.ca.1580 d.etter 1672

Rønnaug f.ca.1594, g.m. Jakob Larsen Kvarberg n. f.ca.1575

Pål f.ca.1596 d.før 1664, g.m. Ingjerd Trondsdr. Valbjør f.ca.1595 d.før 1678. Harildstad.

Rønnaug d.y. f.ca.1598 d.1659, g.m. Jon Eriksen Helle f.ca.1585

Sigurd 1595-1675, g.m. Gunhild Trondsdr. Valbjør f.ca.1600 d.ca.1676. På Øy.

Mari f.ca.1605 d.før 1668, g.m. Ole Toresen Lunde 1596-1675

Ole f.ca.1610 d.ca.1692, neste brukar

Sønne d.ca.1677, g.m. Amund Steinarsen Sandbu nig. sør d.ca.1660.

Gunhild, gift til Sandbu på Fron

Manntalet 1666 viser oppigard Søre Sandbu på 5 huder og i tillegg ein engeplass på 8 skinn.

Brukaren var Ole Iversen. Ole vart også nemnd som brukar ved kopp-skatten i 1645.

Matrikkelen 1668 viser at brukaren Ole var eigar av 3 ½ huder av Sandbu, medan Synnøve

Sandbu på nigard eigde 1 hud 1 skinn, Syver Øy 2 skinn, Knut Holbø 1 skinn, Iver Tofte 1 skinn og Knut Raastad 1 skinn. Ola kjøpte i 1676 2 skinn av Sandbu av Gunhild på Øver-Øy som var enkje etter Syver. Ole var gift med Bergete Eriksdotter Andvord d.ca.1672 dotter til Eirik Gudbrandsen Andvord og Åse Nilsdtr. Busvoll, Romedal. Ole og Bergete hadde 3 barn:

Barbra, neste brukar

Kari, g.m. Iver Melby, Kvikne

Marit, g.m. John Kruke



Uppigard Sør-Sandbu

Barba d.ca. 1675 var gift med Guttorm Tordsen Bjølstad f.ca.1630 d.ca.1695 son til Tord Tordsen Bjølstad f.ca.1575 d.ca.1675 og Ingrid Olsdtr. Slette f.ca.1605 d.1672. Guttorm kjøpte i 1673 13 skinn i Sandbu av Lars på Øy, dette må vera det som Synnøve Sandbu eigde i 1668 (Lars var gift med Rønnaug Valbjør som var dotter til Anne Ivarsdtr. Sandbu). Guttorm og Barbro hadde 2 barn:

Iver 1671-1740, neste brukar

Thor, i 1724 var han så gammal at han gav seg inn til brorsonen Ole Iversen

Skoskatten 1711 nemner Iver Sandboe med hustru og 2 barn. Iver var gift med Mari Østensdotter Aaseng f.ca.1673 d.ca.1719 dotter til Østen Endresen Aaseng f.ca.1664 og Ragnhild Thorsdtr. Faulstad s. Ved skifte i 1719 hadde Iver og Mari odelsgoods i Sandbu samt Heimdalen fiskevatn 2 huder 3 ½ skinn. Ivar Guttormsen skifta i 1722 og fekk føderåd, han gifta seg på nytt. Iver og Mari hadde 2 barn:

Oluf f.ca.1694, neste brukar

Ingebor f.ca.1702

Ole kjøpte i 1721 1 hud 3 ½ skinn i Sandbu frå onkelen Tord Gutormsen. Matrikkelen 1723 viser at Ole Iversen var eigar av 3 ½ huder i Sandbu, medan Iver Melby eigde 1 hud 4 skinn, Iver Kruke 1 skinn og Iver Tofte 1 skinn. Ole kjøpte i 1724 1 hud 4 skinn og i 1725 2 skinn frå dei som truleg var arvingane etter medeigarane i 1723. Ole Ivarsen «Gjesling» Sandbu f.1695 d.etter.1755 var gift med Rønnaug Guttormsdotter Heringstad 1697-1765 dotter til Guttorm Olsen Angard, Dovre f.ca.1670 d.1722 og Marit Tordsdr. Bjølstad f.ca.1675 d.1713. Ole og Rønnaug hadde 6 barn:

Guttorm f.ca.1723 d.1810, neste brukar


Marit, f.ca.1727 d.før 1801, g.m. Erik Olsen Blessum n.

Mari f.ca.1727 d.1807, g.m. Christen Poulsen Bjørnstad n. 1723-1798

Iver 1731-1802, g.m. Marit Olsdr. Viste u. 1745-1833. På Viste u.

Amund f.ca.1732 d.ca.1782, g.m. Torø Larsdr. Stade s. f.1746

Kari f.ca.1736, g.m. Syver Skedsvoll



Uppigard Sør-Sandbu

Guttorm vart 1750 gift med Guri Hansdotter Tolstad 1726-1820 dotter til Hans Pålsen Tolstad 1695-1789 og Barbro Tordsdr. Bjølstad 1702-1785. Guttorm og Guri hadde 4 barn:

Ole 1751-1831, neste brukar

Hans 1766-1841, ugift

I 1784 var det skjøte frå Guttorm Olsen til Ole Guttormsen på Sandbu 5 huder for 1600 rd. Ole vart 1802 gift med Gunhild Jakobsdr. Sandbu nordg. nord 1780-1842 dotter til Jakob Danielsen 1749-1815 og Anne Syversdr. Sve 1754-1845. Ole og Gunhild hadde 5 barn:

Ymbjørg 1804-1860, g.m. Pål Tordsen Olstad 1787-1868
Anne 1806-1807
Guri 1806-1879, g.m. Anders Olsen Sandbu nig. sør 1799-1870
Anne 1812-1885, g.m. Kristen Pålsen Bjørnstad n. 1796-1866
Guttorm 1813-1874, neste brukar

I 1826 var det skjøte frå Ole Guttormsen til Guttorm Olsen på Sandbu 5 huder for 1000 spd. og føderåd. Guttorm var gift med Anne Simensdtr. Vigenstad Skeie f.ca.1815-1840 dotter til Simen dy. Torsteinsen Tofte f.1767 og Barbro Hansdtr. Angard. Guttorm og Anne hadde 1 barn:

Gunhild 1838-1912, g.m. Ola Hansen Angard 1837-1890.
Guttorm vart gift på nytt med Guri Hansdotter Tolstad 1808-1856 dotter til Hans Pålsen Tolstad 1759-1841 og Mari Olsdtr. Slette 1768-1844. Guttorm og Guri hadde 4 barn:
Mari 1843-1863
Guri 1844-1920, ugift
Olav 1846-1846
Ola 1848-1934, neste brukar

Heimdalen vart frådelt i 1860 med kjøpekontrakt til landhandlar Thor Andersen Sve og Paul Haagenstad frå eigarane av både nigard Sandbu og oppigard sør Sandbu, kjøpesummen var 2500 spd. Kjøpekontrakta viser at Guttorm var kontraktspart for oppigard sør Sandbu. Skjøte i 1874 var også frå Guttorm Sandbu.

I 1861 var det skjøte frå Guttorm Olsen til Ole Guttormsen på Sandbu for 1800 spd. og føderåd. Ola vart 1875 gift med Kari Ivarsdotter Viste 1851-1938 dotter til Ivar Olsen Viste m. 1813-1854 og Mari Olsdtr. Sandbu nig. sør 1812-1893. Ola og Kari hadde 9 barn:

Guttorm 1876-1958, neste brukar
Guri 1880-1946, g.m. Thor Pålsen Sve f.1867. Til USA.
Mari 1883-1964, g.m. Johannes Rasmussen 1868-1954
Ivar 1878-1926
Jakob 1885-1968
Gunhild 1887-1940
Anne 1890-1977
Kari 1892-1969
Marit 1894-1965

I 1910 var det skjøte frå Ole Guttormsen Sandbu og hustru til sonen Guttorm Gjesling for kr 9750,- inkl. føderåd kr 2750,-. Guttorm vart 1909 gift med Gunhild Iversdotter Storvik n. 1876-1950, dei hadde 4 barn:

Olav f.1910, neste brukar
Iver 1912-1913
Iver f.1914, g.m. Eldri Thorkildsen f.1921
Pål f.1919, g.m. Mary Justholet f.1923

Olav overtok Sandbu i 1950. Olav vart 1953 gift med Anne Skjellum 1911-1988 dotter til Per Skjellum og Mari Sørlien. Olav og Anne hadde 1 barn:

Gerd Marie f.1953

Gunnar Sandbo f.1943 overtok etter onkelen i 1991, Gunnar er son til Iver f.1914 og Eldri Thorkildsen f.1921. Gunnar vart 1965 gift med Liv Myrhaug f.1947 dotter til Knut Myrhaug f.1923 og Klara Kobbersletten f.1925. Gunnar og Liv har 2 barn:

Wenche f.1966, g.m. Oddmund Kveom

Finn f.1966, neste brukar

Finn er gift med Astrid Henny Brobakken, dei har 4 barn:

Rune f.1990

Stian f.1991

Even f.1992

Line f.1995

Lykkja

Dei ugifte syskjena til Guttorm Sandbo, Jakob 1885-1968, Anne 1890-1977, Kari 1892-1969 og Marit 1894-1965 budde i Lykkja (Jakob-lykkja). Dei flytta til Aagotøyen i Vågåmo etter at systera Mari Rasmussen gjekk bort i 1964. Lykkja gnr. 16 bnr. 2 f.nr. 3 vart utskild frå oppigard sør Sandbu i 1991. Finn Gjesling Sandbo f.1966 fekk festekontrakt.

Steindalsvegen 102, Stubbeim gnr. 16 bnr. 12 vart frådelt frå oppigard sør Sandbu i 1949 med skjøte frå G G Sandbo til sonen Pål Sandbo.

Ottadalsvegen 2813, Bjørkholdt gnr. 16 bnr. 14 vart 1958 frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte frå Olav G Sandbo til broren Iver G Sandbo.

Ottadalsvegen 2815, Sol-tun gnr. 16 bnr. 17 vart 1967 frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte frå Olav G Sandbo til Gunnar G Sandbo f.1943.

Ottadalsvegen 2841, Olstad gnr. 16 bnr. 16 vart 1964 frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte frå Olav G Sandbo til sine brør Iver og Pål Sandbo. Dette er Sandbussaga.

Tørrstuguvolden gnr. 16 bnr. 13 vart frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte frå G G Sandbo til sonen Iver Gjesling Sandbo. I 1952 var det skjøte på halvdel frå Iver til broren Pål Gjesling Sandbo f.1919. Dette er snekkerverkstaden.

Kjelder:


Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Tolstad, Vabjør
Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800

Gunnar Gjesling Sandbo: Nedteikningar på oppigard sør Sandbu



Sandbusgardane 1964, nede til venstre er Kræmar-Sandbu med Krokum innanfor vegen. Midt på til høgre er nygarden på nigard, medan dei gamle tuna på Sør-Sandbu og Nord-Sandbu er ovanfor øvst på bildet.

Sandbu sygard nord

Skattelister fyrst på 1600-talet viser at Engebret var brukar i 1611 og 1612.

I åra 1613 til 1625 var brukaren sonen Erik.

Koppskatten 1645 nemnde Bonde som brukar på ein av Sandbusgardane. Bonde betalte i 1645 pant i søvlån. Skifte på Sandbu i 1660 og 1663 viser at Aase Olufsdotter d.ca.1663 var gift med Bonde Larsen d.ca.1658, dei hadde 6 barn:

Oluf

Ellij

Eldrij

Marit

Rønne

Ingeborg

Enkja betalte holding i 1658-1659. Aase vart gift på nytt med Siffer Siffersen. Han vart nemnd i jordebok i 1661. Manntalet 1666 viser at Sjugurd Sjugurdsen skulle flytja frå garden før 14. april i 1667.

Matrikkelen 1668 og matrikkelutkastet 1723 viser at Sandbu 3 huder tilhørde kongen. Garden var brukt som offisersgard / kapteinsgard. I 1666 var garden utlagt til fenriken Just

Mogensen som skulle flytja til året etter. Just Mogensen Berg f.ca.1640 d.1678 kjøpte Olstad på Sel i 1671 og budde truleg der. Just hadd 4 barn:

Anne d.1699, g.m. løytnant Isach Jespersen Besche 1652-1714

Berthe

Karen

Jannichen

Kaptein Caspar Brunneck budde på Sandbu medan han var sjef for Vågske komp. 1684-1699. Caspar Georg Brunnech 1655-1714, Tyskland var gift med Cathrine Margrethe Pedersdotter Montagne de Lilienskjold, dei hadde 4 barn bl.a.

Elisabeth Catharina f.1695

Kaptein Ernst Ellie overtok på Sandbu 1702. Ernst var sjef for Nord-Gudbrandsdal kompani 1699-1709 og budde fyrst på Sorem. Ernst David Ely, København f.ca.1670 d.1750 var son til løytnant Diderik Ely. Ernst var gift med Christiane Juliane Judenhertzog, Tyskland.

Kaptein Kaas vart nemnd på Sandbu i 1722 og 1723. Lorentz Kaas lånte i 1730 800 rd. og det var kanskje da han kjøpte Sandbu frå staten. Kaas f.ca.1669 d.1732 var kaptein i Gudbrandsdalske kompani frå 1707 og frå 1718 sjef for øvre Gudbrandsdalske komp. Kaas vart 1695 gift med Anna Dorthea von Hadelen d.1729, dei hadde 8 barn:

Reinhardt Friderich

Mogens Christian

Knut Rudolph, neste brukar

Johan Preben

Casper Christopher

Hans Eylert

Jørgen Othe

Anna Agatha

Knut Rudolf Kaas overtok truleg Sandbu på skifte etter faren i 1732. I 1734 lånte han 800 rd. Han gjord same året avtale om å selja garden, men kjøparen trekte seg. Kaas selde Sandbu i 1738. Kaas kjøpte seinare Sorem.

Jon Ivarsson frå Åseng kjøpte «nordre» Sandbu i 1738 frå Knut Rudolf Kaas. «Nordre» betyr truleg her Nord-Sandbu. Jon Iversen Fellese f.ca. 1701 var son til Iver Christensen Fellese 1665-1727 og Ingeborg Olsdtr. Storvik s. I 1732 forpakta Jon garden Åseng i Heidal for 11 år, ved overdraging av nordgard Sandbu i 1742 går det fram at Ola Sandbu som var svigerfaren da var på Åseng. Jon var gift med Mari Olsdotter Sandbu nordgard f.ca.1704 dotter til Ole Iversen Sandbu f.ca.1670 d.e.1744 og Kari Tordsdotter Bjølstad f.ca.1677 d.1719. Jon og Mari hadde 3 barn:

Iver 1738-1741

Iver f.1745

Imbjør f.1748

I 1756 selde Jon Ivarson halvparten av «søndre» (dvs. sygard) Sandbu) 1 ½ hud til korporal Peder Halvorsen Opsahl. Dermed vart garden delt. Peder Halvorsens del vart Sandbu sygard uppistugu. Delen som Jon Ivarsen hadde att vart nistugu.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinger mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2017: Offiserer nevnt/bosatt i Vågå 1625-1882

Arnfinn Engen 2011: Gards- og slekthistorie for Heidal bind 1

Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800

Sandbu sygard nord nistugu, Kræmar-Sandbu

Mnr./Lnr. 16/21, gnr. 17 bnr. 1.

Etter at Jon Iversen i 1756 selde halve sygard Nord-Sandbu hadde han att den andre halvdelen som vart nistugu. I 1760 selde og skjøta Jon Iversen Sandbu også denne delen av garden sin søre Sandbu 1 ½ hud til Johannes Siverson Sve for 696 rd.

I 1764 var det skjøte på Sandbu 1 ½ hud frå Johannes Siverson Sve attende til Jon Iversen Sandbu for 780 rd. Same året lånte Jon Iversen 505 r. frå Syver Jonsen Sve mot pant i garden.

Jo Ivarson selde i 1771 (under tvang) med samtykke frå kona og sonen Ivar Jonsson søre Sandbu 1 ½ hud til kaptein Jonas Stabel for 1100 rd. I 1776 kjøpte Stabell ei eng frå Syver Sve som i uminnelege tider hadde tilhøyrd Sandbu og som i 1764 vart seld til Sve. Jonas Stabell 1720-1787 var son til løytnant Lars Stabell og Anne Christine Rosenberg. Stabell var sjef for Vågske komp. frå 1766, frå 1782 var han i Stangske komp. Stabell var ugift.


I 1790 var det auksjonsskjøte på Sandbu sygard nistugu 1 ½ hud til kaptein Falch for 751 rd. Frderich Otto Falch 1739-1815 vart 1773 gift med Inger Margrethe Pløyen dotter til sorenskrivar Pløyen.

Same året i 1790 var det skjøte frå kaptein Falch til Rasmus Johansen for 1452 rd. Rasmus Johansen f.ca.1770 var i 1801 gardbrukar. Rasmus Johannesen var truleg frå Sve, son til Johannes Syversen Sve 1739-1773 og Anne Rasmusdtr. Glimsdal 1739-1776. Rasmus var gift med Anne Larsdotter Jarmann 1771-1815 dotter til Lars Jarmann f.ca.1740 d.ca.1793 og Karen Margrethe Trondhus f.ca.1745. Rasmus og Anne hadde 6 barn:

Johannes f.ca.1795, neste brukar

Syver f.ca.1797

Karen f.ca.1800
Anne f.ca.1804
Lars f.ca.1807
Johan f.ca.1811



Kræmar-Sandbu

I 1812 var det skjøte frå Rasmus Johannessen til Johannes Rasmussen for 1500 rd. Johannes var eigar av uppistugu Håmår frå 1823 til 1827.

I 1823 var det makeskifteskjøte frå Johnnes Rasmussen til Anders Trosdahl mot garden uppistugu Håmår. Lensmann Anders Trosdahl 1792-1854 vart nemnd som lensmann, i 1838 og 1842 som kontorbetjent. I åra 1818 til 1823 var han eigar av Håmår. Anders var gift med Christine Wang, og dei hadde mange barn.

Same året i 1823 var det skjøte frå Anders Trosdahl til krigsråd Lundh for 1000 spd. Andreas Molbech Lundh 1787-1867 var son til kapellan i Fron Peder Gregersen Lundh 1789-1827. Andreas var gift med Anne Marie Bjerregaard, Ringsaker 1793-1878 dotter til sorenskrivar Bjerregaard. Andreas og Anne Marie hadde 12 barn:

Peder Wilhem 1814-1814
Mads 1815-1856, neste brukar
Anne Marie 1817-1867
Petter 1820-1886

Sverre 1823-1855
Alette 1825-1835
Reidar 1827-1828
Reidar f.1829-1888, g.m. Mari Olsdtr. Sandbu f.1836 d.etter 1891
Barbra Margrethe 1831-1831
Andrea 1832-1850
Henrik 1833-1902
Thorvald 1839-1891

I 1850 var det skjøte frå krigsråd Lundh til Mads Bjerregaard Lundh for 1200 rd.

I 1853 var det skjøte frå Mads Lundh til Tor Andersen Sve på Sandbu sørigard neristuen for 2000 spd. Thor Andersen Sve 1799-1873 var son til Anders Iversen Blessum s. 1753-1833 og Kari Tordsdtr. Harildstad 1766-1862. Thor vart 1836 gift med Kari Olsdtr. Sandbu s-n 1806-1896 dotter til Ole Andersen Laurgard f.ca.1772 og Mari Tordsdtr. Romundgard Sandbu s-n f.ca.1771 d.1869. Thor og Kari hadde 4 barn:

Anders 1836-1866, Harildstad
Mari 1837-1895, g.m. Eardley John Blackwell 1831-1866, g.2.m. William Duppa Crotsch
Kari 1839-1920, g.m. Ole August Valle, Fellese 1834-1907
Marit 1841-1915, g.m. Hans Augustins Hysing Olsen 1837-1901

I 1886 stod Mr Crotsch som brukar. I 1900 budde sakfører Paul Nicolay Olsen 1867-1931 på Kræmar-Sandbu, han var son til Marit Sve 1841-1915 og Hans Augustins Hysing Olsen 1837-1901. Paul vart 1894 gift med Dikka Holmboe 1868-1941 dotter til presten Iver Gerhard Holmboe f.1837 og Erasmie Johanne f.1837. Paul og Dikka hadde 4 barn:

Hans 1896-1959
Mina 1900-1999, g.m. Ludvik Jørgen Viken
Marit 1905-1987, g.m. Ivar Grev 1901-1988
Ragnhild f.1911, g.m. Christen Urbye 1905-1985

I 1918 var det skjøte på Kræmar-Sandbu frå sakfører Paul N Olsen 1867-1931, vedteke av arvingane etter Thor Sve, til Pål K Ellingsbø 1863-1950. Pål var son til Christen Pålsen Ellingsbø f.1833 og Marit Pålsdtr. Harildstad s. f.1840. Pål vart 1903 gift med Ragnhild Pålsdotter Harlaug 1874-1951 dotter til Pål Hansen Harlaug 1846-1925 og Marit Pedersdtr. Heringstad 1849-1880. Pål og Ragnhild hadde 4 barn:

Kristen Ellingsbø 1903-1872, g.m. Beatha Iversdtr. Lunde, Sørem 1903-1974. Til
Aasgaard.
Marit f.1906, g.m. Adolf Schrammel, Wien i Østerrike
Pål 1908-1994
Magnhild f.1910, g.m. Harald Sannerud f.1917

I 1929 var det erklæring om at Kræmar-Sandbu var seld til Simen Aasgaard. Simen 1900-1987 var son til Ivar Aasgaard 1868-1953 og Mari Steine s 1867-1935. Simen vart 1932 gift

med Kari Andvord, Austrem n. 1905-1990 dotter til Ole Paulsen <Andvord 1861-1918 og Anna Olsdtr. Ekre, Heidal f.1876. Semon og Kari hadde 3 barn:

Ivar Magne f.1932, g.m. Anne Sønsterud, Fåberg f.1939. Til Austrem n.

Ola Arne f.1935, neste brukar

Mari f.1937

Ola Arne overtok etter faren i 1982. Han vart 1963 gift med Gunhild Vetleseter, Hattfjelldal f.1942 dotter til Jakob Vetleseter, Vågå f.1904 og Mary Gruben f.1917. Ola og Gunhild har 2 barn:

Steinar f.1966, neste brukar

Kristin f.1968, g.m. Einar Tønnessen

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Tolstad

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Gunnar Ottosen og Knut Raastad, Jutulen 2012: Bjerregaard og Lundh i Vågå

Gunnar Ottosen, Jutulen 2017: Offiserer nevnt/bosatt i Vågå 1625-1882

Arnfinn Engen 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal bind 1

Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800

Sandbu, sygard nord uppistugu

Mnr./Lnr 16/22

Korporal Peder Halvorsen Opsahl kjøpte i 1756 halvparten av «søndre» (dvs. sygard) Sandbu) 1 ½ hud frå Jon Ivarson. Dermed vart garden delt, denne delen vart sygard uppistugu. Peder Halvorsen kjøpte i 1745 nordgard Holbø som han selde att i 1753. Han kjøpte Sveine i 1762. Peder Halvorsen f.ca.1712 var gift med Ragnhild Christensdotter Aasaaren f.ca.1720 d.1787. Peder og Ragnhild hadde 8 barn:

Kristen f.1742

Kristen f.1744

Ola f.1746

Kristen 1748-1787, g.m. Barbro Larsdtr. Andberg 1753-1809. Sveine og Staurustbakken.

Marit 1751-1835, g.m. Pedr Olsen Austrem n. 1768-1836. Veggum s.

Kristen f.1756

Rannei Marie 1756-1833, g.m. Trond Gunnarson Gaukstad 1748-1823. Vamsæter.

Magnus f.1760

I 1761 selde Peder Halvorsen sin halvdel av søndre Sandbu 1 hud 6 skinn med skjøte til Tosten Iversen Håkenstad.

Året etter i 1762 selde og skjøta Torsten Håkenstad halve delen av søndre Sandbu 1 ½ hud til Erik Gulbrandsen Aasen for 1000 rd. Da Erik Gulbrandsen døydde i 1786 vart han nemnd som Sandbu, og ved skifte vart det nemnd jordgods i garden. Erik Gulbrandsen Aasen var gift med Marit Jakobsdotter, dei hadde 8 barn:

Gudbrand 1737-1766
Marit f.1739, ugift i 1786
Ole f.1743
Jakob f.1745
Sigri f.1745, g.m. Ole Andersen
Hans f.1748, g.1776 m. Anne Knutsdtr. Øy f.1746
Jon f.1750, neste brukar
Kari f.1753, på Sandbu i 1801

I panteregisteret står det at i 1787 var det skjøte på Sandbu 1 ½ hud frå bl.a. Tord Kleppe til Jon Eriksen for 600 rd., dvs. at dei andre kreditorane og ervingane selde garden til Jon Eiriksen. Enkja Marit Jakobsdotter fekk føderåd.

Jon Erichsen f.ca.1750 d.1815 var i 1801 gardbrukar. Jon vart 1790 gift med Anne Olsdotter Austrem f.ca.1764 d.1815 dotter til Ole Olsen Leine/Teige, Kvam 1726-1801 og Lisbeth Nilsdtr. Bjørge 1736-1813 som i 1776 kjøpte nordstugu Austrem. Ole Olsen Leine fekk i 1759 skjøte frå faren Ole Pedersen Leine på 5 skinn og nokre fetlingar i Sandbu, men det er usikker samanheng med det som dottera og svingersonen overtok i 1787. Jon og Anne hadde 9 barn:

Erik 1791-1809
Ole f.ca.1792, neste brukar
Marit f.1794
Iver f.1795
Kari f.1798
Gulbrand f.ca.1800
Hans f.1803
Anne f.1806
Mari f.1808

I 1815 var det skjøte på Sandbu 1 ½ hud frå Jon Eriksen til sonen Ole Jonsen for 1000 rbd. Ole vart 1816 gift med Ragnhild Tronddotter Vamsæter, Lom f.ca.1789 dotter til Trond Gundersen og Randi Pedersdtr. Gaukstad/Vamsæter. Ole og Ragnhild kom til søre Veggum, dei hadde 4 barn:

Per f.1819
Anne f.1820, g.m. Kristen Olsen Mæhlum f.ca.1800. På Veggum
Ragnhild f.1823, g.m. Peder Torgersen Heringstad f.ca.1804 d.1875
Marit f.1827, g.m. Hans Knutsen Stade n. 1825-1865

I 1820 var det skjøte frå Ole Jonsen til Amund Olsen på Sandbu 1 ½ hud mot garden Veggum. Amund Olsen Aande, Sør-Fron f.ca.1766 d.1851 var gift med Mari Hansdotter (Amundsdotter?) f.ca.1779 d.1860, dei hadde truleg 4 barn:

Ole f.ca.1810, d.før 1865, på Sandbu

Anne

Hans f.1814

Marit f.1818, g.m. Syver Jonsen Strand f.ca.1811

I 1832 var det skjøte på Sandbu frå Amund Olsen til premierløytnant Ziegler. Amund Olsen og Mari Amundsdotter fekk føderåd. Ole og Hans Amundssønner og Marit og Anne Amundsdøtre fekk pant for kapital på 1000 spd. I 1839 vart Ole og kona nemnde som gardsfolk, kanskje dreiv dei garden ei tid etter at den kom saman med nordgard. Ole Amundsen vart 1835 gift med Ymbjør Andersdotter Sve f.1812 dotter til Anders Iversen Blessom s. 1751-1833 og Kari Torsdr. Harildstad 1766-1862 (Kari fyrst gift med Syver Sve). Ymbjør var i 1865 husmann på Ryenhaugen og budde der saman med sonen. Ole og Ymbjør hadde 3 barn:

Mari f.1835 d.etter 1891, g.m. Reidar Lundh 1829-1888. Til Aagotøyen i Vågåmo.

Kari f.1837

Amund f.1838

Ulrich Reinholdt Ziegler 1791-1854 var son til Henrich Ziegler og Dorthea Blix Heiberg. Ziegler var i Vågske kompani frå ca.1819 til ca. 1837. Ziegler kjøpte Sundlien av svigerfaren i 1831, den garden selde han i 1836. Ziegler vart 1819 gift med Cristine Margrethe Bjerregaard 1797-1882 dotter til Mads Bjerregaard 1761-1831 og Alet Ørtlein f.ca.1761 d.1846. Ulrich Ziegler og Cristine hadde 6 barn:

Jacobine f.1819

Mads Henrik Bjerregaard f.1821

Niels Albert f.1825

Alethe Dorothea f.1828

Henrik f.1831

Hermana Henriette f.1835

I 1836 var det skjøte på Sandbu 1 ½ hud frå kaptein Ziegler til Johannes Jakobsen Sandbu nordgard for kjøpesum 2100 spd. Dermed vart det same eigar på Sandbu sygard oppistugu som på nordgard Sandbu, og gardane vart dermed samanslege.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800



Nordgard og uppigard Nord-Sandbu



Nordgard Sandbu

Sandbu nordgard nord

Mnr./Lnr (16/22a), 18/24. Gnr. 18 bnr. 1.

Skattelister 1610-1625 viser Hårek som brukar på ein av Sandbusgardane. Han vart også nemnd i 1629 og 1632 som overlappar neste brukar.

Koppskatten 1645 nemnde Guttorm som brukar. Han vart nemnd i landskattelister frå 1629 til 1648.

Guldbrand er nemnd i skattelister frå 1649.

Sjugurd Sjugurdson leigde i 1659-1660 ein gard Sandbu 3 huder som Gulbrand hade døydd frå. Dette var truleg Sjugurd som vart gift med enkja på sygard Sandbu, men truleg var han på nordgard fyrst for enkja betalte sjølv leige og skatt av sygard same året.

Manntalet 1666 viser at nordgard Nord-Sandbu var på 3 huder. Brukaren var Ole Olsen f.ca.1620, det var han som betalte landskylda i 1661. Matrikkelen 1668 viser at eigaren var fru Maren Skachtaffls. I 1673 vart Ole stemnd for landskyld av Ivar Olsen Lunde og i 1675 vart Ole frådømd festet. Ole Olsen var gift med Ingeborg Knutsdotter, dei hadde 2 sønner:

Jens f.ca.1644

Knut f.ca.1663

Ivar d.y. Lunde nig. d.1688 var son til Ole Toresen Lunde f.1596 d.1675 og Mari Ivarsdtr. Sandbu u. sør f.ca.1605 d.før 1688. Ivar var gift med Gunhild Ivarsdotter Sandbu u.nord d.etter 1688, dotter til Iver Toresen og Mari Johannesdtr. Ivar og Gunhild hadde 1 barn:
Ole f.ca.1670 d.e.1744, neste brukar



Dør på mellomalderloftet på nordgard Sandbu

Ole var gift med Kari Tordsdotter Bjølstad f.ca.1677 d.1719 dotter til Tord Tordsen Bjølstad 1625-1680 og Barbro Amundsdotter Sandbu nig. sør. f.1645 d.ca.1692. Skoskatten 1711 viser

at Ole hadde 5 barn. Ved skifte etter Kari i 1719 går det fram at Ole og Kari hadde 3 barn (Ivar, Mari, Marit), medan skifte i 1744 viser 7 barn:

Ivar f.1702 d.1782 d.1782, neste brukar
Mari f.ca.1704, g.m. Jon Ivarsen Fellese f.1701. På sygard Sandbu
Marit f.1715 d.etter 1801, seinare brukar
Tord, g.m. Kari Knutsdtr. Til nigard Svare.
Tore, g.m. Engelev Iversdtr. Siem 1713-1760
Barbro, g.m. Ola Knutsen Storvik s. f.før 1713
Gunhild, ugift i 1744

Ivar Olsen f.1702 d.ca.1782 vart 1732 gift med Sigrid Persdotter Faukstad s. f.ca.1715 dotter til Per Steinarsen Faukstad søre f.ca.1670 d.1719 og Marit Ivarsdtr. Kvålen, Skåbu 1687-1744. Ved skifte etter faren i 1744 går det fram at Ivar Olsen tidlegare hadde overteke bruken av Sandbu 3 huder. Ca. 1745 ser det ut til at Ivar kjøpte arvepartar frå syskjena. Det ser ut til at Ivar kjøpte Åseng i 1748, der faren tidlegare hadde vore og før han svogeren Jon Sandbu syg. nist. I 1753 lyste Iver Olsen ut at han hadde åsætesrett til Åseng, men i 1767 selde han Åseng. Ivar og Sigrid hadde 6 barn:

Ole f.1733 d.ca.1791, g.m. Marit Knutsdtr. f.ca.1743, seinare brukar. Åseng.
Iver f.1739, g.m. Barbro Larsdtr. Hjeltar, Skjåk f.ca.1724, seinare eigar. Til Klones.
Tord 1741-1795, g.m. Ragnhild Olsdtr. Skårvangen f.1744 d.ca.1790. Til Øy øvre Gardøy.
Marit f.1744
Johannes f.1746
Amund f.ca.1755 d.1833, g.m. Rønnoug Olsdtr. 1756-1827

Østen Svare kjøpte Sandbu 3 huder i 1748 for 1000 rd. av svogeren Ivar Olsen. Østen Syversen f.1707 må vera frå Berge u, son til Syver Nilsen Berge f.ca.1665 d.1720 og Anne Østensdtr. Kvarberg f.ca.1680 d.1769. Østen var ei tid på nigard Svare og i 1756 kjøpte han sygard Sandnes. Østen var gift med Marit Sandbu f.1715, syster til Ivar Olsen. Østen og Marit hadde 3 barn:

Syver, g.m. Kari Olsdtr. Sandbu upp sør d.1804. På Sandnes s.
Anne, g.m. Peder Jonsen Sandnes n.
Ole, til Skjedsvold

I 1762 ser det ut til at eldste sonen til Ivar Olsen, Ole Iversen har vore brukar av Sandbu. Ved skifte i 1791 vart han nemnd som Åseng. Ole Iversen vart 1763 gift med Marit Knutsdotter, dei hadde 6 barn:

Rønnaug f.1763, g.m. Lars Knutsen Stokstad
Kari f.1765
Iver f.ca.1769
Knut f.1770
Ole f.1776
Gunild 1779-1790

I 1764 lånte Ivar Olsen 1000 rd. av Sjugurd Jonsen på Sve for å løyse inn att garden som han hadde seld til Østen Sandnes (tidl. Svare), og den gardhandelen vart gjennomført i 1765.

I 1767 selde Ivar Olsen garden sin Sandbu til sonen Ivar Iversen Klones for 1000 rd. som skulle løyse inn farens panteobligasjon. Ivar Iversen lånte da 2100 rd. frå Sjugurd Jonsen på Sve som truleg også vart brukt til å løyse ut broren Ole Iversen for 1400 rd. for odels- og åsætesretten på farsgarden. Ivar Iversen vart 1764 gift med Barbro Larsdotter Hjeltar d.ca.1771. Barbro var tidlegare gift med Svend Olsen Klones d.ca.1758, og dermed vart Ivar Iversen brukar på Klones. Barbro hadde med Svend Klones 1 barn:

Eli f.ca.1754

I 1770 selde Ivar Ivarsen garden nördre Sandbu 3 huder til Sjugurd Jonsen på Sve med skjøte for 2420 rd. Syver Jonsen Einarsvoll f.ca.1710 d.1795 var son til Jon Johannessen Einarsvoll 1665-1754 og Torø Rasmusdtr. Steinsgård f.ca.1675 d.1744. Syver var gift med Gunhild Johannesdotter Sve f.ca.1722 d.1786 dotter til Johannes Svendsen Mo f.ca.1673 d.1754 og Rønnaug Johannesdtr. Sve d.1735. Gunhild og Syver budde på Sve, dei hadde 4 barn:

Johannes 1739-1773, g.m. Anne Rasmusdtr. Glimsdal 1739-1776. På Sve.

Torø f.1741 d.etter 1801, g.m. Jon Rasmussen Glimsdal/Øy f.ca.1727 d.etter 1801

Rønnaug f.1750, g.m. Jon Iversen Blessum s f.1747

Anne 1754-1845, neste brukar

I 1778 var det skjøte på Sandbu 3 huder frå Syver Jonsen til svigersonen klokkar Jakob Danielsen for 1690 rd. Jakob Danielsen 1749-1815 var i 1801 klokkar og gardbrukar. Jakob var son til Daniel Jakobsen Berge n. og Kari Pedersdtr. Jakob vart 1777 gift med Anne Syversdotter Sve 1754-1845 dotter til Syver Jonsen Enersvoll f.ca.1710 d.1795 og Gunhild Johannesdtr. Sve 1722-1786. Jakob og Anne hadde 5 barn:

Gunhild 1778-1779

Kari 1779-1867, g.m. John Iversen Valde s. f.1786/87 d.1866

Gunhild 1781-1842, g.m. Ola Guttormsen Sandbu u-s 1751-1831

Johannes 1783-1870, neste brukar

Rønnoug f.1793, g.m. Guttorm Kristensen Aasaaren 1791-1866

Johannes fekk i 1807 skjøte frå Jakob Danielsen på Sandbu 3 huder for 800 rd. Johannes var gift med Mari Pålsdotter Bjørnstad n. 1792-1876, dotter til Pål Kristensen Bjørnstad 1750-1831 og Guri Guttormsdtr. Aasaaren 1772-1857. Johannes og Mari hadde 1 barn:

Jakob 1811-1873, neste brukar

Tinglysing av oantebrev i 1868 og obligasjon i 1871 viser Jakob Johannesen som eigar. Jakob vart 1843 gift med Ingeborg Johannesdotter Viste nordgard 1821-1900 dotter til Johannes Hansen Viste 1789-1858 og Gunhild Øysteinsdtr. Kvarberg u. 1797-1883. I 1875 var det enkja som stod som brukar og eigar, og i 1891 vart ho nemnd som familiens overhovud. Jakob og Ingeborg hadde 7 barn:

Mari 1845-1919, hadde med Torstein Andersen Sandbu nig. sør 1832-1891 dottera Guri 1864-1928 g.m. Hans Kjenseth, Biri 1860-1930

Johannes 1847-1925, ugift
Gunhild 1850-1926, g.m. lærar Torstein Hansen Øiom, Dovre 1850-1888
Ymbjør f.1852
Pål f.1854, til USA i 1879
Øystein f.1856, til USA i 1879
Johannes 1864-1932, neste brukar

I 1910 var det auksjonsskjøte til Johannes J. Sandbu d.y. for kr 10000,-. I 1900 vart Johannes nemnd som gardbrukar, handelskar og driftehandlar. Johannes vart 1897 gift med Ymbjørg Stenersdotter Storvik m. 1873-1943 dotter til Stener Johsnessen Sveine 1812-1873 og Anne Jørgensdtr. Sveine 1835-1911. Johannes og Ymbjørg hadde 7 barn:

Ymbjørg 1898-1982, g.m. Paul Diesen 1889-1960
Anne f.1900, g.m. Simen Amundsen Thallaug f.1904
Marit 1901-1996, g.m. Harald Eriksen Bjørndal 1890-1980
Jakob 1903-1974, neste brukar
Steinar f.1907, g.m. Mari Eriksdtr. Kvarberg u. f.1922
Gunhild f.1909
Ingrid f.1917, g.m. Andreas Hansen

I 1933 var det auksjonsskjøte til Jakob J. Sandbu for kr 32000,-. Jakob vart 1948 gift med Tora Alette Sandvik f.1915, dei hadde 3 barn:

Johannes f.1949, neste brukar
Alette f.1952, g.m. Inge Brenden
Torbjørn f.1955, g.m. Jorun Berger

Johannes overtok etter faren i 1974.

Krokum gnr. 18 bnr. 4 vart i 1909 frådelt frå nordgard Sandbu gnr. 18 bnr. 1 med skjøte i 1910 frå Johannes J Sandbu til lensmann Jo Nordal for kr 4250.

Sveaholen del VII gnr. 18 bnr. 12 vart frådelt frå Krokum i 1979 og samanføynd med gnr. 20 bnr. 17 i 1980.

Rabben gnr. 18 bnr. 7 (Sveaholvegen 1) vart frådelt deå Krokum i 1956 med skjøte frå Ola Nordahl til Rolf Steberg f.1890. I 1962 var det skjøte frå R Steberg til Ola Skamsar 1929-1991, Ragnhild Skamsar overtok ved uskifta bu.

Krokjorget 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 8, gnr. 18 bnr. 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21 og 22 er frådelt frå Krokum og utbygd i nyare tid.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Einarsvoll og øvre Kvarberg
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.



Uppigard Nord-Sandbu

Sandbu, oppigard nord

Mnr./Lnr. 17/23. Gnr. 19 bnr.1.

Skattelister 1610-1625 viser Tore som brukar på ein av Sandbusgardane. Han vart også nemnd i koppskatten 1645.

Mannntalet 1666 viser at nørre Sandbu var på 4 huder. I tillegg var det ein engeplass på 1 hud, dette var truleg Sandbugarden i Skårvangen. Matrikkelen 1668 og kyrkjerekneskapen 1675 viser at det var Vågå kyrkje som var eigar av 4 huder. Brukar i 1666 og 1668 var Iver

Toresen. Ivar Toresen Sandbu 1603-1679 var gift med Mari Johannesdotter d.etter 1679. Dei hadde 4 barn:

Johannes f.ca.1650 d.ca.1712, neste brukar

Gunhild, d.etter 1688, g.m. Ivar d.y. Lunde nig. d.1688. Til nordgard Sandbu.

Ragnhild, d.etter 1697, g.m. Ola Larsen Raastad f.før 1649 d.1691

Per f.ca.1653, til Holen

Johannes d.ca.1712 var gift med Kari Olsdtr. Lunde nig. d.1691, dotter til Ole Toresen Lunde 1596-1675 og Marit Ivarsdtr. Sandbu u. sør f.ca.1605 d.før 1668. I 1681 kjøpte Johannes 1 hud i Skårvangen frå rittm. Brockdorf. som truleg var den eigedommen som vart nemnd under Sandbu i 1666. Johannes og Kari hadde 4 barn:

Iver, neste brukar

Ole

Iver d.ca.1727, g.m. Anne Hansdtr. Kvarberg n. 1695-1772. På Kvarberg.

Marit, g.m. Erik Øysteinsen Kvarberg ø 1674-1751

Johannes vart gift på nytt med Anne Pedersdotter.

Iver kjøpte i 1724 oppigard Nord-Sandbu av eigarane av Vågå kyrkjegods. Iver var gift med Marit Larsdtr. d.1757, dei hadde 2 barn:

Kari f.ca.1716 d.1746, g.m. Iver Olsen Lunde nig. f.ca.1707 d.1752

Ole f.ca.1737

I 1757 bygsla Ole Jonsen Stranden garden oppigard nordre Sandbu for fem år for 28 rd. årleg.

Iver Iversen 1739-1819 var i 1801 gardbrukar, han vart også nemnd som brukar i 1783. Iver var frå nigard Lunde son til Ivar Olsen Lunde f.ca.1707 d.1752 og Kari Ivarsdtr. Sandbu f.ca.1716 d.1746. Iver Iversen var dermed barnebarn til Iver Johannessen Sandbu. Ivar var eigar i 1757 da formyndarane hans bygsla bort garden for fem år. Etter avtala om bortbygslinga skulle bestefaren Iver Johansen ha føderåd. Iver Lunde vart 1768 gift med Kari Knutsdotter Øy 1746-1822 dotter til Knut Poulsen Tolstad 1697-1760 og Rønnaug Ivarsdtr. Øy f.1706. Iver og Kari hadde 5 barn:

Iver 1769-1847, neste brukar

Knut 1771-1832, g.m. Torø Olsdtr. Til Sandbuslykkja.

Kari 1774-1812

Ole 1779-1807

Iver 1785-1812

I 1802 var det skjøte på Sandbu 5 huder frå Iver Iversen til Iver Iversen for 3661 rd. Iver vart 1802 gift med Torø Larsdotter Øy Haugøy f.ca.1773 d.1863 dotter til Lars Johannesen Øy f.ca.1715 d.1802 og Aaste Tjøstolvsdtr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802. Da Iver døydde i 1847 var han husmann på Sæta, og Torø var føderådskone på Sæta da ho døydde i 1863. Ved barnefødsel i 1816 var dei på nørde Blessemeige som også kan vera Sæta. Iver og Torø hadde 3 barn:

Kari 1802-1856, g.m. Jon Eriksen Sveeie f.1798

Johannes f.1804

Aaste f.1816

I 1805 var det skjøte på Sandbu frå Iver Iversen til Paul Paulsen for 4267 rd. Poul Poulsen Tolstad 1764-1847 var son til Pål Hansen Tolstad 1736-1812 og Mari Pålsdtr. Tofte 1733-1804. Pål var gift med Rønnaug Eriksdotter Blessom n. 1759-1847 dotter til Erik Olsen Blessom og Mari Olsdtr. Sandbu u-sør f.ca.1727 d.før 1801. Poul og Rønnaug overtok Blessom i 1786 og hadde 5 barn:

Marit 1785-1846, g.m. Tor Hansen Lie, Dovre 1781-1833

Mari 1791-1846, g.m. Johannes Jonsen Mo 1787-1869

Erik 1794-1872, g.m. Imbjør Eriksdtr. Helle 1799-1877. På Blessom n.

Poul 1794-1873, neste brukar

Barbro 1795-1869, g.m. Hans Olsen Øy ø 1784-1875. Gardsøy.

I 1807 var det skjøte på Skårvangen engeland 1 hud (Sandbusgarden) frå Poul Poulsen til sorenskrivar Bjerregaard for 500 rd. I 1814 var det skjøte vidare til Jakob Pedersen for 500 rd.

I 1824 vart det tinglyst føderåd frå Poul Poulsen til Poul Poulsen og hustru. Poul Poulsen 1794-1873 vart 1826 gift med Barbro Trondsdotter Valbjør 1793-1878 dotter til Trond Larsen Valbjør 1749-1807 og Barbro Pålsdtr. Tolstad 1755-1807. Poul og Barbro hadde 3 barn:

Poul 1827-1874, neste brukar

Barbro f.1830 d.etter 1910, seinare brukar

Thron 1832-1834

Paul Paulsen f.1827 var i 1865 gardbrukar og sjølveigar, han overtok med skjøte i 1863 for 1000 spd. og føderåd.

Barbro Paulsdotter var i 1875 brukar og eigar, som einaste syskjen må ho ha overteke da broren døydde i 1874.

I 1881 var det skjøte frå Barbro Paulsdotter Sandbu til Thor Eriksen Blessom for kr 12000,- og føderåd. Det vart samtidig skrivi ut ein panteobligasjon på kr 8000,- frå Thor Blessom til Barbro Sandbu. Thor Blessom f.1834 d. etter 1901 var syskjenbarnet til Barbro, han var son til Erik Polseb Blessom n. 1794-1872 og Imbjør Eriksdtr. Helle 1799-1877. I 1887 var det skifte i konkursbuet til Thor Blessom, og truleg gjorde panteobligasjonen at Barbro overtok Sandbu att. I 1900 budde den ugifte Thor Blessom saman med systema Rønnaug på nørdrø Sæta.

I 1903 var det skjøte på Sandbu frå Barbro Paulsdotter, vedteke av Thor S Blesum, til Anders Isaksen Bakken for kr 14000. Anders Isaksen Karusbakken f.1864 var son til Isak Rasmussen Karusbakken f.1830 og Barbro Svendsdtr. f.1830. Anders budde i 1903 på Sandbu oppigard nord og var eigar av den garden i 1908 og 1909, dermed brukte han namnet Sandbu. Anders var gift med Barbro Pedersdotter f.1872 frå Lom, dei tre eldste barna var fødte i Amerika. Anders Sandbu kjøpte i 1909 nordgard Blessom. Anders og Barbro hadde 5 barn:

Bella f.1897
Klara 1898-1913
Ingval f.1900
Selma f.1903
Peder f.1906

I 1909 var det skjøte frå Anders I Sandbu til Jonas Løftingsmo for kr 11400,- og føderåd til Barbro Paulsdotter. Jonas Løftingsmo, Lesja f.1873 var gift med Marit Eriksdotter Stavheim, Lesja f.1871. Dei to eldste barna var fødte medan familien var på Lesja, dei fire neste i Ringsaker i åra 1904-1907. Etter Vågå var Jonas og Marit gardbrukarar på øvre Lyftingsmo på Lesja. Jonas og Marit hadde 9 barn:

Johan 1900-1980, g.m. Olga Breigutu 1903-1967, på Lyftingsmo
Ragnhild f.1902
Erling f.1904
Olaug f.1905
Trygve f.1906
Aagot f.1907
Asbjørn f.1911
Kirsti f.1914
Jo f.1917

I 1919 var det skjøte frå Jonas Løftingsmo til Margit Bosse som hennar særeige for kr 51000,- inkl. lausøyre kr 1000. Margit Bosse overtok i 1919 også nigard Sør-Sandbu og gardane vart dermed samanslege. I 1920 vart Villarunningen gnr. 19 bnr. 6 frådelt, likeeins vart frådelt eit jordstykke med ein bygning som vart overført til nigard Sandbu.

I 1920 var det skjøte på oppigard Nord-Sandbu frå Margit Bosse til skipsreder Fred Olsen for kr 35000,-. Olsen kjøpte også nigard Sør-Sandbu.

Krokum gnr. 19 bnr. 2 vart i 1902 frådelt frå Sandbu oppigard-nord gnr. 19 bnr. 1 med skjøte i 1907 frå Barbro Paulsdotter til Anders Olsen Sørumschaugen for kr 2100.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på nigard Lunde
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Jakup Skjedsvoll: internplassering av opplysningar for Sandbu-gardar 1666-ca.1800
Norske gardsbruk 1953-1997

Krokum

Krokum gnr. 18 bnr. 4 vart i 1909 frådelt frå nordgard Sandbu gnr. 18 bnr. 1 med skjøte i 1910 frå Johannes J Sandbu til lensmann Jo Nordal for kr 4250. Jo Nordahl og familien budde på Krokum i 1900. Jo Nordahl Aabakken 1861-1948 var gift med Rønnaug Torsdotter Sandnes 1861-1929 dotter til Tor Sevaldsen Blakar 1822-1914 og Barbro Johannesdtr. Einarsvoll 1829-1899. Jo og Rønnaug hadde 3 barn:

Ole 1892-1961, neste eigar

Barbro 1894-1948, g.m. John Johannessen Botheim, Lesja 1894-1975

Kari 1896-1982, g.m. Ottar Lorentsen 1893-1971

I 1949 var det skifteskjøte frå Jo Nordal og før avdøde ektefelle Rønnaug Nordal til arvingen Ole Nordal. Ola Nordahl var gift med Johanna Catharina Richter 1901-1984.

I 1961 var det skjøte frå Ole Nordal til Leif Fjellvang 1906-1988. Han var gift med Ragna Kvarberg 1906-1980.

I 1974 var det skjøte frå Leif Fjellvang f.1906 til dottera Ragnhild Jesnes f.1947. Leif og ektefelle Ragna d.1980 skulle ha bruksrett. Ragnhild vart 1968 gift med Anders Jesnes, Furnes f.1937. Familien bur i Furnes. Ragnhild og Anders har 2 barn:

Anna f.1969

Leif Ansten f.1971

I 1988 var det skjøte til Randi f.1943 og Tor Stallvik f.1941. Tor Stallvik, Stjørna i Sør-Trøndelag f.1941 er son til Torfinn Stallvik f.1917 og Marie Ugelvik f.1912. Tor vart 1966 gift med Randi Olstad, Trondheim f.1943 dotter til Arne Olstad f.1910 og Grethe Skaugstad f.1916. Tor og Randi har 3 barn:

Tord f.1966, g.m. Kimberly Anderson

Ragnill f.1970

Jertrud f.1975

Sveaholen del VII gnr. 18 bnr. 12 vart frådelt i 1979 og samanføynd med gnr. 20 bnr. 17 i 1980.

Rabben gnr. 18 bnr. 7 (Sveaholvegen 1) vart frådelt i 1956 med skjøte frå Ola Nordahl til Rolf Steberg f.1890. I 1962 var det skjøte frå R Steberg til Ola Skamsar 1929-1991, Ragnhild Skamsar overtok ved uskifta bu.

Krokjordet 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 8, gnr. 18 bnr. 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21 og 22 er frådelt og utbygd i nyare tid.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Einarsvoll

Krokum

Folketellinga 1865 viser Krokum som da ser ut til å vera husmannsbruk under Sandbu oppigard-nord løpenr. 23.

Peder Simensen f.ca.1790 d.1853 nørde Blessemeie var son til Simon Kleppeie. Peder vart 1816 gift med Marit Eriksdotter Lundeeie f.ca.1787 d.1842. Dei budde på Sandbuseie ved fødslar frå 1816 og det kan vera her. Peder og Marit hadde 3 barn:

Barbro f.1816

Anne f.1820, hadde med Johannes Johannessen Sandbu dottera Anne f.1853 og med Paul Iversen Rottenseie dottera Anne 1843-1899 (g.m. John Knutsen Skjellum 1833-1910).

Syver f.1825

Peder vart 1844 gift på nytt med Brit Stenersdotter Næsset n. 1790-1871 dotter til Stener Olsen Næsset 1747-1812. I 1875 var Brit føderådskone.

Ved barnefødsel i 1863 var Jakob Olsen og Ragnhild Olsdotter husmannsfolk på Krokum. Ragnhild Olsdotter Nettet n. f.1828 var dotter til Ole Stenersen Nettet 1782-1835 og Ragnhild Siversdr. f.ca.1780 d.1854, Brit var dermed tanta hannar. Ragnhild vart 1862 gift med Jacob Olsen Sandboeie Rudistugu f.1833 son til Ole Olsen Sandboeie Rudistugu 1797-1852 og Kirsti Larsdr. Hagen 1799-1822. Jacob og Ragnhild hadde 2 barn:

Ole 1863-1868

Ragnhild f.1865

I 1875 var overrettssakfører Adolf Julius Schaaffenberg, Vardøhus f.1826 forpaktar på Krokum. Folketellinga viser at dette truleg låg under både nordgard og oppigard-nord Sandbu. I 1871 vart det tinglyst forpaktingskontrakt frå Jakob på nordgard Sandbu. Schaaffenberg var gift med Marie Wilhelmine f.1828, dei hadde 1 barn:

Henrik Nikolai Fredrik Kruse f.1869

I 1900 budde Imbert Skjellum f.1847 og familien på det som vart nemnd som øvre Krokum, men dei dreiv ikkje noko jordbruk. I 1910 vart dei nemnd i stugu ved Krokum. Imbert Jakobsen 1847-1925 var gift med Anna Olsdotter Bukkesteinen 1849-1931 dotter til Ole Hansen Skultbakken f.1824 og Imbjør Hansdr. Sønstelién d.1826. Imbert og Anne hadde 5 barn:

Hans f.1879, ugift, til USA

Jakob f.1886, ugift, til USA

Imbjør 1888-1964, g.m. Fred Dexter. Til Canada

Johannes f.1890, g.m. Mallen A Peterson. Til Nord-Dakota

Rønnaug 1893-1965, g.m. Mathias Strand 1894-1963. Til Harpefoss

Krokum gnr. 19 bnr. 2 vart i 1902 frådelt frå Sandbu oppigard-nord gnr. 19 bnr. 1 med skjøte i 1907 frå Barbro Paulsdotter til Anders Olsen Sørumschaugen for kr 2100. Anders f.1868 var gift med Brit Sagflaten f.1871, dei hadde 1 barn:

Ole 1897-1969

Ola Krokum vart 1927 gift med Marit G Skinnen 1893-1980, dei hadde 1 barn:

Anders f.1932

I 1944 var det skjøte frå Brit Krokum i uskifta bu etter Anders Krokum til sonesonen Anders Olsen Krokum for kr 2330,- pluss føderåd. Anders vart 1954 gift med Gudrun Myrhaug f.1934 dotter til Anders Myrhaug f.1893 og Gunhild Sæta f.1906. Anders og Gudrun hadde 3 barn:

Oddleif f.1954, var sbm. Liv Anne Gjestvang

Mons f.1955, g.m. Ivar Kleiven

Anne Grete 1957-1965

Sveaholen del VIII gnr. 19 bnr. 10 vart frådelt i 1979 og samanføynd med gnr. 20 bnr. 17 i 1980.

Tomtene gnr. 19 bnr. 19 og 20 **Vågavegen 3A og 3 B** vart frådelt frå Krokum i 2010 og 2011 og utbygde etter dette.

Jordvegen gnr. 19 bnr. 18 vart frådelt frå Krokum i 2009 og overført til eigaren av Kræmar-Sandbu Steinar Aasgaard i 2022.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinger, kyrkjebøker mm.

Seeiendom.no

Volden

Friedrich Guttormsen 1729-1814 var i 1801 husmann med jord under Sandbu, ut frå rekkjefølgje i folketeljinga var dette truleg plass under oppigard nord Sandbu. Ved barnefødsel i 1769 vart Fredrik nemnd som Volden og Synne døyde på Wolden i 1805. Fredrik vart i 1760-åra nemnd som skreddar. Friedric vart i 1754 gift med Synne Nilsdotter 1731-1805. Fredrik og Synne hadde 7 barn:

Ellen f.1754

Anne 1756-1834

Guttorm 1760-1820, gift i Bergen m. Anna Madsdr. f.ca.1761

Nils 1764-1854, Ingeborg Larsdotter Øy ø. (Haugøy) 1761-1851. Til Strand nordre
Friedrich f.1767
Anders f.1769
Synne f.ca.1775, hadde sonen Iver Knutsen f.ca.1800

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Sælatunga

Sælatunga tilhørde søre Sandbu.

Nils Ellefsen f.ca.1725 d.1783 vart 1751 gift med Anne Toresdotter Holen f.ca.1729 d.1814.

Nils vart nemnd som Sælatunga da han døydde i 1783. Anne hadde i 1801 føderåd på Sælatunga. Nils og Anne hadde 5 barn:

Ellef 1751-1773

Tore 1754-1754

Tore 1757-1758

Anne 1757-1758

Anne 1761-1848, neste brukar

Anne Nilsdotter vart 1782 gift med Thord Thordsen f.ca.1751 d. 1811. I 1801 var Thord husmann med jord under Sandbu. Thord og Anne hadde 3 barn:

Anne f.ca.1784-1840 g.m. Christen Olsen Løften

Marit f.ca.1786 g.m. Ole Syversen Nyhus

Niels 1793-1863, neste brukar

Anne vart i 1813 gift på nytt med Jon Christoffesen Storvik m. f.1757 d.1843

Nils vart 1817 gift med Ingeborg Olsdotter Sandboeie f.ca.1793 d.1880. Nils og Ymbjør hadde 9 barn:

Anne f.1818, til Kvikne i Østerdalen 1836-37

Brit f.1820, til Kvikne i Østerdalen 1836-37

Anne f.1822, til Lom 1843

Thor 1825-1898, neste brukar

Ole f.1827, i Sælatunga i 1865 og 1875

John 1830-1873, g.m. Kari Erlandsdtr. Aabakken f.1835. I Sælatunga 1865, Kari på midtre Rusten 1875, til USA i 1885.

Knut f.1832, til Lesja 1858

Thore f.1836, til Lillehammer 1858

Guri f.1839, til Moss 1866

I 1865 og 1875 var Thor Nielsen husmann med jord. Thor vart 1853 gift med Ymbjør Jacobsdotter Flatom f.1819 dotter til Jacob Knutsen Flatom. Thor og Imbjør hadde 5 barn:

Thor f.1851, til Jevnaker 1883

Mari f.1853

Ymbjør f.1857, g.m. Ole J Skaalen f.1853. Haugli.

Anne 1863-1864

John 1865-1865

Sælatunga gnr. 16 bnr. 3 vart frådelt frå oppigard Sandbu gnr. 16 bnr. 2 i 1908 med skjøte frå Ole G Sandbo til Iver O Svare for kr 2000. I 1911 vart det tinglyst pantobligasjon frå Iver O Svare til Knut Flatmo for kr 600 i gnr. 16 bnr. 3 og plassen Sælatunga (15/7). Sælatunga gnr. 15 bnr. 7 vart frådelt frå nigard Sandbu gnr. 15 bnr. 1 i 1914 med skjøte i 1919 frå Knut Flatmo til Iver O Svare for kr 1600. Iver Svare f.1847 var gift med Ingeborg Syversdotter Hølmo 1864-1955, dei hadde 7 barn:

Syver 1893-1980, neste brukar

Iver f.1896, Galstad

Anne f.1898, Sandbakken

Kari 1900-1963, budde i Sælatunga

Anna 1903-1991, g.m. Ivar Grevrusten 1903-1991 Grevrusten

Ole 1906-1983, budde i Sælatunga

Jon f.1910

Ingeborg hadde med Alfred Winter sonen

Alfred 1899-1976, g.m. Mari Paulsdtr. Bergehaugen 1882-1950. Til søre Josten i Sel.

I 1927 var det skjøte frå Iver O Svare til sonen Syver I Svare på 15/7 og 16/3 for kr 2200 inkl. lausøyre kr 800 samt føderåd til seljar og hustru Ymbjør verdsett til kr 1500. Syver kjøpte i 1928 Holtop, familien budde der om sommaren.

Ymbjør Barikmo overtok etter onkelen i 1979. Ymbjør er dotter til Ivar Grevrusten 1903-1991 og Anna Svare 1903-1991. Ymbjør vart 1963 gift med Ola Barikmo, Nes Romerike f.1934 son til Olav Barikmo f.1906 og Ester Arnestad f.1909. Ymbjør og Ola har 2 barn:

Ivar f.1963

Annelise f.1965

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Skjellum søre

Anders Rasmussen Huse Skjellum 1761-1823 vart 1798 gift med Barbro Andersdotter Skårå 1773-1846. Anders og Barbro hadde 4 barn:

Marit 1798-1799

Anders 1801-1863, neste brukar

Syver f.1810

Rasmus f.1817

Anders Andersen vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under nordgard Sandbu i 1832, i 1833 vart han nemnd som Anders Skjellum. Anders Andersen Sandbueige 1801-1863 vart 1829 gift med Ragnild Hansdotter Øyagarden 1806-1866 dotter til Hans Thorsen Øyagarden 1784-1816 og Marit Larsdr. Myrom f.1786. Anders og Ragnild hadde 5 barn:

Anders f.1829, neste brukar

Hans 1834-1834

Hans f.1836

Ole f.1847, til Amerika 1868

Anders 1801-1863 hadde med Mari Embertsdr. Kvitven 1 barn:

Anders f.1827

Anders Andersen f.1829 var i 1865 husmann med jord på Skjellum under nordgard Sandbu. Anders vart 1858 gift med Kari Pedersdotter Sandbugarden f.1830 dotter til Peder Jakobsen Sandbusgarden 1797-1855 og Kari Jakobsdr. Haugen i Skårvangen f.1796. Anders og Kari med familien emigrerte til USA i 1869. Anders og Kari hadde 7 barn:

Anders f.1854

Peder f.1855

Ragnhild f.1857

Jacob f.1859

Kari f.1862

Anders f.1866

Hans f.1868

Knut Sjellum var i 1900 husmann med jord under nordgard Sandbu. Knut Olsen Blessumløkken 1862-1939 var son til Ole Jonsen. Knut vart 1885 gift med Barbro Olsdotter Holsløyken 1859-1938 dotter til Ole Jakobsen. I 1887 og 1901 vart Knut og Barbro nemnde som husmannsfolk på Skjellum. I 1889 og 1891 vart dei nemnde som Blessomlykkja og i 1907 kjøpte dei Steine og flytta dit. Knut og Barbro hadde 5 barn:

Ole f.1885

Kari 1887-1970, til Minnesota

Thor f.1889

Anton f.1891

Karen f.1901

Per Johannesen Skjellum f.1877 var i 1920 husmann på Skjellum. Per var frå søre Skjellum under Sve son til Jehans Jakobsen Skjellom 1841-1920 og Ymbjør Persdr. Myrum 1849-1881. Per var gift med Mari Hansdotter Sørlien f.1866 dotter til Hans Olsen Sørlien 1841-1930 og Kjersti Larsdr. Gurilykkja 1841-1921. I Norske Gardsbruk står det at ætta har vore på Skjellum frå 1909. Per og Mari hadde 6 barn:

Johannes 1897-1960, g.m. Ragnhild Holsløyken 1903-1986, til Steinset

Hans f.1900, g.m. Borghild Johansen

Iver 1900-1985, neste brukar

Kari 1904-1991, ugift

Jakob f.1908, ugift

Anne 1911-1988, g.m. Olav Sandbo f.1910

Iver overtok etter foreldra i 1930. Skjellum gnr. 18 bnr. 5 vart 1930 frådelt frå nordgard Sandbu med skjøte frå Johs. Sandbu og hustru til Iver P Skjellum for kr 3500.

Brorsonen til Iver, Per J Skjellum f.1942 overtok søre Skjellum frå Iver i 1981 og slo bruket saman med Steinset som han overtok i 1976.

Heimro gnr. 19 bnr. 13 vart 1988 frådelt frå oppigard nord Sandbu. Iver Skjellum 1900-1985 bygde bustadhus ved Skjellum i 1975 saman med syskjena Kari og Jakob.

Dotter til broren Hans, Anne Marie Skjellum Moen f.1937 overtok med skjøte i 1988.

Rune Kleiven f.1974 har heimel til Heimro frå 2003.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Per J Skjellum

Steinset – Skjellum

Knut Knutsen Kleppeeige 1799-1873 vart 1823 gift med Ingri Eriksdotter Sveeige Svevolden 1801-1867 dotter til Erik Iversen Svevolden f.1772 og Marit Knutsdotter f.ca.1773 d.1824.

Familien var husmannsfolk på Kleppeeige i åra 1823 til 1831. I 1832 flytta familien til Namdalen, men dei kom att for i 1834 var dei inderstar på Sveeige. Frå 1837 var dei husmannfolk på Skjellum Sandbuseige. Knut og Ingri hadde 6 barn:

Knut f.1823

Erik f.1825, g.m. Rønnaug Stenersdotter Bakkom f.1833. Til øvre Bakkom.

Peder f.1831

John 1834-1910, neste brukar

Marit f.1837, til Amerika 1861

Guri f.1843

John Knutsen 1834-1910 var i 1865 husmann med jord på Sjellum under Kræmarsandbu. I 1900 budde John som enkjemann på søre Vasstokken. John vart 1878 gift med Marit Paulsdotter Krokum 1843-1899 dotter til Paul Iversen Rottenseige og Anne Pedersdr. Sandbuseige Krokumf.1820. John og Marit hadde 1 barn:

Iver f.1880

Ole hadde med Mari Olsdotter Streitlien, Foldal 2 barn:

Ole Johnsen f.1861

Mari f.1864

Mari Streitlien hadde ei dotter som budde på Sjellum i 1865:

Maren Larsdr. f.ca.1856

Fyrst på 1900-talet låg dette ute og vart kalla Jolykkja, truleg med namn etter John Knutsen.

Johannes P Skjellum 1897-1960 var frå søre Skjellum son til Per Skjellum f.1877 og Mari Hansdr. Sørlien f.1866. Steinset gnr. 17 bnr. 3 vart 1931 frådelt frå Kræmar-Sandbu gnr. 17 bnr. 1 med skjøte frå Semon Åsgård til Johannes Skjellum for kr 300. Samtidig fekk Johannes bygsel på Skjelhaugen ca. 17 mål som er vest for husa. Johannes bygde husa og nydyrka mest alt som er dyrka. I Norske gardsbruk står det at våningshus er frå 1927, stabbur frå 1928 og fjøs frå 1931. Johannes vart 1929 gift med Ragnhild Holsløyken 1903-1986 dotter til Ola Jakobsen Holen 1869-1945 og Mari Jørnsdr. Hågå 1865-1935. Johannes og Ragnhild hadde 3 barn:

Marie f.1931, g.m. Harald Bjørklund

Magnhild f.1932

Per f.1942, neste brukar

Per overtok etter foreldra i 1976. Steinset ligg vest for søre Skjellum som Per overtok i 1981 etter onkelen Iver Skjellum 1900-1885.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Per J Skjellum

Skjelhaugen

Iver Olsen f.ca.1820 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Sjelhaugen under øvre Sandbu. Iver Olsen Øiseige var son til Ole Syversen Øyseige. Iver vart 1854 gift med Anne Olsdotter Sandbueige f.1822 dotter til Ole Olsen Sandbueige. Iver og Anne var inderstar på nordre Sandbueige i 1855, og var husmannsfolk frå 1858 på Sandbueige som truleg var Skjellhaugen. Iver og Anne hadde 7 barn:

Marit f.1848
Ole f.1851
Iver Anton 1855-1919, neste brukar
Anne f.1858
Jacob f.1860
John f.1863
Iver f.1866

Enkjemannen Anton Skjelhaugen f.1855 var i 1900 på Sjelhaugen under nordgard Sandbu. Anton vart 1879 i Malvik i Strinda gift med Marie Johannesdotter f.1858 dotter til Johan Rasmussen. Dei fire eldste barna vart fødde i Hommelvik, frå 1889 var familien i Vågå. Anton og Marie hadde 6 barn:

Iver f.1879
Johanna 1882-1882
Johan Gustav f.1884
Paul Alfred f.1886
Laurits f.1889, g.m. Johanna Pedersdtr. Sæter, Kristiansund f.1892. Til Oppdal.
Kristian f.1892

Skjelhaugen låg vest for husa på Steinset. I 1930 var det festekontrakt på Skjelhaugen ca. 17 mål frå skipsreder Fred Olsen som eigar av oppigard nord Sandbu gnr. 19 bnr. 1 til Johannes P Skjellum. Johannes P Skjellum 1897-1960 frå søre Skjellum kjøpte i same tida arealet aust for Skjelhaugen frå Kræmar-Sandbu og bygde opp Steinset gnr. 17 bnr. 3. Skjelhaugen har dermed vore brukt som ein del av Steinset.

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
Per J Skjellum

Heggerusten

Knut Kristensen 1789-1881 var i 1865 husmann med jord på Skjellum, i 1875 husmann med ubetydeleg jord. Knut Christensen Øyseige vart 1825 gift med Kari Johannesdotter Skottlieige 1808-1876. Knut og Kari var i 1827 husmannsfolk på Kleppeeige, og frå 1831 på Skjellum/Sandbueige. Knut vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1832 og 1833 som husmann under nordgard Sandbu. Knut og Kari hadde 8 barn:

Guri 1825-1830
Marit 1827-1827
Thora f.1827
Christen f.1831
Guri f.1834
Thora f.1837, på Skjellum i 1865 med 2 barn:

Iver Olsen 1862-1918, g.m. Toline Hansdtr. Holen, Dovre f.1861. Til Håkenstadøyen
Ole Olsen f.1864

Gulbrand f.1841

Knut f.1845, g.m. Anna Jørgensdtr., Molde f.1849. Til Trondheim.

Etter Magnhild Skjellum skulle Heggerusten ha vorte lagt attåt Sandbuslykkja ca. 1880, ho opplyste at stugu stod i nørdrø og ytre hjørna. Stadnamnkart viser at Heggerusten låg ovanfor vegen vest for Steinset (ovanfor Skjellhaugen) og er nå ein del av Steinset. Truleg var arealet med da Skjellum vart frådelt frå nordgard Sandbu i 1930.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Sandbuslykkja

Knut Iversen 1771-1832 vart 1807 gift med Torø Olsdotter 1787-1865. Knut var frå oppigard nord Sandbu son til Iver Iversen nig. Lunde 1739-1819 og Kari Knutsdtr. Øy 1746-1822. Da sonen gifta seg står det at han var son til Knut Iversen Lykken. Knut og Torø hadde 3 barn:

Kari f.1810

Iver f.1813, neste brukar

Rønnov f.1821

Iver Knutsen var i 1865 husmann med jord i Sandbulykkja under nordgard Sandbu. Iver vart 1839 gift med Eli Olsdotter Moen f.ca.1818 dotter til Ole Jacobsen Moen, Dovre. Iver og Eli reiste til Amerika i 1867. Iver og Eli hadde 2 barn:

Ole f.ca.1836, g.m. Gunnhild Johannesdtr. f.ca.1838. Dei hadde barna Eli f.1862 og

Ragnhild f.1864. Familien budde i Sandbuslykkja i 1865.

Kari f.1841

Folketeljinga 1865 viser at Hans Hansen Olsenstuen f.ca.1823 var husmann med jord på Svevolden. Hans Hansen Øyseie 1823-1878 var son til Hans Hansen Sandbueie. Hans f.1823 vart 1854 gift med Anne Pedersdotter f.1831 dotter til Peder Olsen Øyseie. Ved barnefødsler var det berre i 1865 at familien var på Svevolden, tidlegare var dei husmannsfolk på Øyseie. I 1875 var familien i Sandbuslykkja. Hans og Anne hadde 4 barn:

Anne f.1855

Hans f.1859

Ole 1865-1867

Mari f.1868

I 1900 var Svend Sandbusløyken f.1850 husmann under nordgard Sandbu. Svend Hansen Bolstad 1850-1917 var son til Hans Svendsen Bolstad f.1816 og Ingebjørg Knutsdotter Staden. 1823-1910. Svend vart 1878 gift med Ragnhild Olsdotter Blessemeige Blessemykkja

1856-1934 dotter til Ole Johnsen Blessomeige 1828-1903 og Anne Knutsdr. Nesset 1827-1901. Ved barnefødsler i 1881 og 1884 var Svend og Ragnhild husmannsfolk i Sandbuslykkja, frå ca. 1903 overtok dei i Blessomlykkja etter foreldra hennar. Svend og Ragnhild hadde 3 barn:

Ole f.1878-1946. ugift. Til Amerika, kom att til Blessomlykkja i 1936

Hans f.1881-1972, Til Minnesota. G.m. Lina Olsdr. Kvernhushaugen 1891-1944, g.2.m.

Ragnhild Høystad f.1909

Imbjør 1884-1974, i Blessomlykkja

I 1910 var Ole Sambusløyken f.1880 husmann. Ole Amundsen Flåten 1880-1934 var son til Amund Olsen. Ole vart 1904 gift med Mari Olsdotter Brækken 1879-1950 dotter til Ole Iversen. Ole og Mari kom seinare til Karusbakken. Ole og Mari hadde 7 barn:

Amund f.1904

Marit f.1906, g.m. Trygve Moen, til Lesjaskog

Olav f.1908, til Lesja

Anne, g.m. Otta Bøe, til Lesja

Hans

Ragnhild, g.m. Einar Nyhus

Ingrid, g.m. Knut Vassdøkken

I 1920 var Ole Olsen Sandbusløyken, Sel f.1861 husmann i Sandbusløyken. Ole Olsen Furuløyken, Sel var son til Ole Olsen. Som enkjemann vart Ole f.1861 i 1914 gift med Gunhild Olsdotter f.1886 dotter til Ole Amundsen Sørhaugen f.1861 og Gunild Knutsdr. Haugen under Sandbu f.1860.

Olav Kristiansen Engen, Fåberg 1896-1976 var i 1926 husmann i Sandbuslykkja, han var gift med Anne Hansdotter Grønbakken, Lom 1898-1953 dotter til Hans Grønbakken, f.1865 og Rønnaug Olsdr. f.1871. I 1922 budde familien i Lom. Olav flytta til Pålstugu i 1953 saman med sonen og hans familie. Olav og Anne hadde 3 barn:

Kari 1920-2002, g.m. Andreas Bråten, Lom 1911-2002

Håkon 1922-1948, g.m. Ragna Bråthen 1923-2012

Kristian 1926-1994, g.m. Astrid Johansdr. Øien 1927-2015. Til Pålstugu

Kristian og Astrid flytta til Pålstugu på Tessanden i 1953. Kristian og Astrid hadde 5 barn:

Odd Jarleif f.1949, g.m. Marian Ingrid Strand f.1956, Østerdalen

Anne Marie 1951-1954

Håkon 1953-1971

Arild f.1957

Liv Berit 1960-2017, g.m. Erik Brukveen, Lom f.1956, g.2.m. Lutfer Cakmak

Sandbuslykkja gnr. 18 bnr. 10 vart 1978 frådelt frå nordgard Sandbu med skjøte frå Johannes J Sandbu til systera Alette Sandbu Brenden f.1952. Dette er 1,8 da tomt, jorda i Sandbuslykkja tilhøyrer nordgard Sandbu.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Kari Storvik: Brugrenda, Storviksroa, nordi Nessom; Pålstuen

Vassdokken søre

Gulbrand Pedersen f.ca.1776 d.1848 vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under nordgard Sandbu i 1805, under Kræmarsandbu i 1806 og 1832. Gulbrand var gift med Torø Jacobsdotter f.ca. 1772 d.1866. I 1801 budde ho som inderst på oppigard nedre Øy saman med barna. Gulbrand og Torø hadde 2 barn:

Niels f.ca.1795

Peder 1799-1872, neste brukar

Peder Gulbrandsen vart 1833 nemnd som husmann under nordgard Sandbu eller Kræmarsandbu. Peder vart 1822 gift med Kari Olsdotter Rusneseige f.ca.1793 d.1874. Peder var i 1865 husmann med jord på Vandstokken under nordgard Sandbu. Peder og Kari hadde ikkje barn. Før ekteskapet hadde Peder med Ragnhild Fredriksdtr. Haagenstadeige 1 barn:

Mari f.1820

Johannes Jacobsen Sjellum 1841-1920 var i 1875 husmann med jord på Vasstokken under Sandbu sygard uppistugu og nordggard som da var ein gard. Johannes var frå Skjellum under Sve son til Jacob Johanesen f.ca.1810 d.1866 og Rønnog Imbertsdotter Thorstuen Øyen 1818-1878. Johannes vart 1874 gift med Ymbjør Pedersdotter Myrum 1849-1881 dotter til Peder Olsen Myrum. Johannes og Ymbjør hadde 3 barn:

Rønnoug f.1875

Peder f.1877

Gunild f.1880, til USA

Saman med dei budde mor til Johannes, Rønnaug Imbertsdtr. Sjellum f.1816 som da var enkje. Saman med henne budde dottera Gunhild Jacobsdtr. Sjellum f.1844 med sonen Johan Iversen f.1866. I 1900 og 1910 var Johannes husmann på Skjellum under Sve. Johannes vart 1884 gift på nytt med Gunhild Semonsdotter Sæta 1848-1914. Johannes vart nemnd som Vangen da han gifta seg i 1884. Johannes og Gunhild hadde 1 barn:

Ole f.1882, neste brukar

John Knutsen 1833-1910 var i 1865 husmann med jord på Sjellum under Kræmarsandbu. I 1900 budde John som enkjemann på søre Vasstokken. John var frå Sjellum son til Knut Knutsen Sjellum. John vart 1878 gift med Marit Paulsdotter Krokum 1844-1899 dotter til Paul Iversen Rottenseige. John og Marit hadde 1 barn:

Iver f.1880

Saman med John budde i 1900 ugifte Gunhild Vassdokken f.1863, i 1920 var ho i Hestlykkja. Gunhild hadde 2 barn med Ole Johannesen Sæta f.1874:

Marit f.1893

Pauline f.1893, g.m. Hans Voldheim, til Hestlykkja

I 1900 var Jakob Johannesen Ødegaarden 1870-1848 husmann på Sætaløkken. Jakob Johannesen Ødegaarden var son til Johannes Olsen. Jakob vart 1895 gift med Marit Johannesdotter Løkkesæteren, Heidal f.1869 dotter til Johannes Olsen. Marit og Jakob var i 1910 og 1920 husmannsfolk på Vassdokken. Marit og Jakob hadde 6 barn:

Johannes 1895-1978, g.m. Kari H Rudi f.1898. Til Furuhaug

Johan f.1897

Peder f.1900

Rønnaug f.1905

Pauline f.1908

Julie f.1912

Søre Vassdokken gnr. 18 bnr. 6 vart 1953 frådelt frå nordgard Sandbu gnr. 18 bnr. 1 med skjøte frå Jakob Sandbu til Jakob Vassdokken for kr 2000. Jakob 1922-1985 var son til Johannes Jakobsen Vassdokken søre 1895-1978 og Kari H Rudi f.1898, sjå Furuhaug. Jakob vart 1952 gift med Anna Magnhild Martinussen f.1920 dotter til Martinus Plassen. I 1985 var det heimelsovergang ved uskifte til Anna Magnhild. Jakob og Anna Magnhild hadde 1 barn:

Kari 1951-1992, neste eigar

Dokkeng gnr. 18 bnr. 9 vart 1971 frådelt frå Vassdokken med skjøte 1972 frå Jakob Vassdokken til dottera Kari Hansen. I 1986 var det skjøte på Vassdokken gnr. 18 bnr. 6 frå Anna Magnhild til Kari Vassdokken. Kari var gift Hansen, ho har 2 barn:

Jan Egil

Knut Arne

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Vassdokken nordre

Hans Knutsen Stokstad f.1805 var i 1865 husmann utan jord i Kvernhuset under Kræmarsandbu, i 1875 var han husmann med jord på Vassdokken under Kræmar-Sandbu. Dette kan vera same plassen. Hans var frå nedre Stokstad son til Knut Olsen Stokstad. Hans vart 1833 gift med Mari Thorsdotter Snerle m. f.1807 dotter til Thor Gulbrandsen Snerle. I 1841 budde familien på Stokstad. Hans og Mari hadde 4 barn:

Rønnog f.1829, g.m. Johannes Olsen Kalbakk ø. f.1828

Hans 1832-1912, g.m. Guri Iversdotter Kleppeeie 1831-1919

Mari 1841-1852

Ingeborg, g.m. Andreas Olsen Dahl, Amerika

Hans vart 1866 gift på nytt med Mari Engebrectsdotter Qviten 1806-1882 dotter til Engebrect Qviten.

I 1900, 1910 og 1920 var Hans K Vassdokken f.1869 husmann under Kræmarsandbu. Volelien gnr. 17 bnr. 2 vart 1924 frådelt frå Kræmarsandbu gnr. 17 bnr. 1 med skjøte frå P Ellingsbø til Hans Vassdokken for kr 1250. Hans Knutsen Braaten f.1869 var son til Knut Hansen Svarttjønnulen f.1843 og Anne Johnsdotter Sandbakken f.1843. Hans vart 1893 gift med Ragnhild Olsdotter Rudi 1873-1909 dotter til Tor Hansen Sandbushaugen Rudi 1835-1926 og Kari Knutsdtr. Øygarden Kleppeeige f.1848. Ved barnefødsler var familien på Braaten i 1893 og 1895, frå 1899 på Vassdokken. Hans og Ragnhild hadde 7 barn:

Anne 1892-1892

Thor f.1893

Knut 1895-1984, g.m. Ingrid Karusbakken 1917-2005. Til Exerplassen i Vågåmo.

Anne f.1899

Kari 1901-1970, seinare brukar

Marit f.1903

Hans f.1908, neste brukar

I 1942 var det skjøte frå Hans K Vassdokken til sonen Hans H Vassdokken for kr 935 pluss føderåd til seljaren. I 1955 var det skjøte frå Hans H Vassdokken attende til faren Hans K Vassdokken.

I 1956 var det skjøte frå Hans K Vassdokken til dottera Kari Tøndevoldshagen 1901-1970. Kari Vassdokken var gift med Ola Tøndevoldshagen, Lesja 1891-1970. Kari og Ola overtok Sandbushaugen i 1932, dermed kom Vassdokken frå 1956 saman med Sandbushaugen. Ola og Kari hadde 1 barn:

Ragnhild f.1926, neste brukar

Ragnhild vart 1950 gift med Olav Ulsletten f.1926 son til Ola Brekken f.1881 og Mari Ulsletten f.1886. Ragnhild og Olav overtok i 1970, heimelsovergang frå Kari Tøndevoldshagen til dottera Ragnhild Ulsletten f.1926 vart tinglyst i 1972.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Rusten

I 1920 vart det nemnd bustaden Rusten under oppigard nord Sandbu gnr. 19 bnr. 1. Der budde den ugifte Ragnhild Kristensdotter Rusten f.1873. Ho hadde med enkjemannen Hans Knutsen Vassdokken f.1870 i nørdrø Vassdokken 1 barn:

Gunhild Hansdotter f.1915

Ragnhild hadde tidlegare med Ole Knutsen Ulen f. 1872 1 barn:

Marit f.1896

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Rudistugu

Ole Olsen Sandbueiet 1797-1852 vart i 1822 gift med Kirsti Larsdotter Hagen 1799-1822. Ole var son til Ole Pedersen f.ca.1771 og Anne Jakobsdr. Haugen nørdrø f.ca.1764 d.1847, i 1801 budde Anne og barna på Haugen medan Ole Pedersen var tenar på Sandbu sygard nord oppistugu. Kirsti var dotter til Lars Jonsen 1755-1826 og Kari Olsdotter. f.ca.1763, i 1801 var Kari og dottera inderstar på Søremskleiven medan mannen Lars var tenar på Sandbu oppigard nord. Ved barnefødsalar vart Ole og Kirsti nemnde i Ruistugu i 1837 og 1841, og elles på Sandbueie frå 1822 som kan vera same plassen. Ole og Kirsti hadde 8 barn:

Anne f.1822, g.m. Iver Olsen f.1820. Til Skjelhaugen.

Kari f.1825, hade dottera Anne Larsdr. f.1859; dei budde i Rudistugu i 1875

Marit f.1827, hadde med Erik Knutsen Skjellum f.1825 barna Kari f.1851 og Knut f.1854

Ole 1830-1916, neste brukar

Jakob f.1833, g.m. Ragnhild Olsdr. Nesset f.1828. Til Krørum.

Ymbjør f.1837

John f.1841

Barbra f.1843

Ole var i 1865 og 1875 husmann med jord i Rudistugu. Ole vart 1852 gift med Anne Pedersdotter Øiseie 1826-1910 dotter til Peder Olsen Øyseie Haugøyeie. Ole og Anne reiste til Amerika i 1887 og kalla seg der Sandbu. Ole og Anne hadde 9 barn:

Mari f.1852

Ole f.1854

Anne f.1857

Kari 1859-1911, g.m. Ole Østensen Hagen 1853-1917. Til USA.

Imbjør f.1862

Oline f.1865

Peder 1868-1937, g.m. Mary Haugen. Til USA.

Marit f.1871

Ole f.1875

Hans Blessomløyken var i 1900 husmann i Rudistuen, i følgje Norske gardsbruk kom familien til bruket i 1896. Rudistugu gnr. 19 bnr. 3 vart 1906 frådelt frå oppigard Nord-Sandbu gnr. 19 bnr. 1 med skjøte 1907 frå Anders Isaksen til Hans Olsen Blessomløyken for kr 1225. I 1920 vart Hans nemnd som småbrukar. Hans 1868-1956 var son til Ole Johnsen 1828-1903 Blessomløyken og Anne Knutsdr. Nesset 1827-1901. Hans vart 1891 gift med Anne Knutsdotter Saghaugen 1857-1916 dotter til Knut Erlandsen. Hans og Anne hadde 3 barn:

Anne 1892-1983, neste brukar
Knut 1894-1985, seinare eigar
Ola f.1896

Anne Rudistuen overtok i 1959.

Knut Rudistuen overtok etter systera og var eigar 1973-1974, han budde i Vågåmo. Knut var gift med Johanne Blomvik, Sula på Sunnmøre 1901-1991, dei hade 3 barn:

Anne 1925-1956, g.m. Bjarne Løyken
Liv f.1928, g.m. Knut Myhre, Bærum f.1921
Hallbjørg f.1932, g.m. Tore Briseid, Feda i Vest-Agder. Til Øyer.

Eigarar 1974-1991 var Hallbjørg Breseid og Liv Myhre. Liv og Knut Myhre har 2 barn:

Anne Mari f.1963, neste eigar
Jorunn f.1966

Anne Mari overtok i 1991. Ho vart 1985 gift med Idar Haugsnes, Vågland på Nordmøre f.1961, dei bur i Bærum. Anne Mari og Idar har 2 barn:

Hallgrim f.1991
Håvard f.1993

Role (Pole?) gnr. 19 bnr. 9 vart 1973 frådelt frå Rudistugu gnr. 19 bnr. 3 med skjøte frå Anne Rudistuen f.1892 til Hans Rudistuen f.1933.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Rudistugu søre

Iver Olsen Sandbueige f.ca.1770 d.1837 vart 1817 gift med Dorty Andersdotter Storrusteneige f.ca.1791. Dorte budde her i 1865. Iver og Dorte hadde 4 barn:

Marit f.1820, neste brukar
Anders 1823-1823

Anders f.1826

Ole f.1830

I 1875 var Jakob Andersen, Kvam f.1832 husmann med jord i søre Rudistugu under oppigard Sør-Sandbu. Jakob var son til Anders Andersen Reset, Fron. Jakob vart 1854 gift med Marit Iversdotter f.1820, i 1865 var det Marit som vart nemnd som husmann medan mannen var tenar hjå presten. Jakob og Marit hadde 5 barn:

Tora f.1853

Anders 1856-1857

Iver f.1856

Anders f.1858

Ole f.1861

I 1865 budde Guttorm Aasaaren 1791-1866 som inderst i Rudistugu, saman med han budde sonen Jacob f.1827 som var fehandlar. Guttorm Christensen Aasorn vart 1817 gift med Rønnov Jacobsdotter Sandbu nordgard f.1793 dotter til Jakob Danielsen Sandbu 1749-1815 og Anne Syversdtr. Sve 1754-1845. Rønnaug var jordmor og flytta til Høland. Guttorm og Rønnov hadde 4 barn:

Christen f.1817

Anne f.1819

Marit 1823-1825

Jacob 1827-1910, neste brukar

I 1900 var Jacob G Sandbu f.1827 husmann med jord på Olderløyken under Uppigard sør Sandbu. Olderløyken kan vera det same som søre Rudistugu. Saman med Jakob budde Guri G Sandbu 1844-1920. Guri var frå oppigard sør Sandbu, far hennar var syskenbarn til Jakob.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Hestlykkja

I 1920 vart det nemnd Hestlykkja under oppigard nord Sandbu gnr. 19 bnr. 1. Der budde den ugifte Gunhild Olsdotter Hestløyken f.1864, i 1910 budde ho på søre Vassdøyken. Gunhild hadde 1 barn:

Pauline Olsdotter f.1893, neste brukar

Hestlykkja gnr. 19 bnr. 8 vart 1953 frådelt frå oppigard nord Sandbu gnr. 19 bnr. 1 med skjøte i 1954 frå Kjell Holm til Hans Voldheim 1894-1975 for kr 500. Hans Olsen Voldheim var son til Mari Pedersdotter Kampen f.1872 som var gift med Iver Paulsen Heggerusten f.1881. Hans var gift med Pauline Olsdotter f.1893, dei hadde 2 barn:

Gunhild f.1920

Mari f.1925, g.m. Oskar Einstulen

Testamentsarving Mari Einstulen f.1925 overtok etter Hans Voldheim i 1975. Same året var det skjøte frå Mari Einstulen til Oddvar Voldheim. Oddvar var son til Agnes 1913-2003 og Pål Voldheim 1911-1972. Oddvar var gift med Astrid Gulbrandsdtr. Bjørnstad.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Steine

Steine gnr. 19 bnr. 4 vart 1906 frådelt frå oppigard nord Sandbu med skjøte 1907 frå Anders Isaksen til Knut Olsen Skjellum for kr 800. I 1920 vart Knut nemnd som småbrukar. Knut Olsen Blessomløyken 1862-1939 vart 1885 gift med Barbro Olsdotter Holsløyken 1859-1938 dotter til Ole Jakobsen. Knut og Barbro var i 1887 og 1901 husmannsfolk på Skjellum, medan dei i 1889 og 1891 vart nemnde som Blessomlykkja. Knut og Barbro hadde 5 barn:

Ole f.1885

Kari 1887-1970. Til Minnesota.

Tor f.1889

Anton f.1891

Karen f.1901

I 1935 var det skjøte frå Knut og Barbro Steine til Karen Steine for kr 1300 inkl. lausøyre kr 600 samt føderåd verdsett til kr 2000.

Ola P Kleiven 1882-1955 og Hanna Storvikseter 1888-1982 kjøpte bruket i 1935. Skjøte frå Karen Steine til Ola P Kleiven er frå 1953. Ola var frå øvre Kleiven i Nordherad son til Paul Eriksen Stokstadeige Kleiven 1842-1934 og Brit Hansdtr. Sønstelien Holshaugen 1844-1912. Ola og Hanna hadde 3 barn:

Marie f.1915, g.m. Mathias Rundhaugen

Borghild f.1921, g.m. Alfred Andersen Gott

Sigrun f.1923, neste brukar

Hanna f.1888, hadde med Svein Iversen Storviksløyken f.1878 1 barn:

Syver f.1907

Sigrun vart 1943 gift med Jørgen Valbjørsløyken f.1918 son til Jakob Valbjørsløyken f.1886 og Anne Lillesæter, Heidal f.1890. Jørgen overtok i 1954. Jørgen og Sigrun hadde 2 barn:

Jan Olav f.1943, g.m. Kari Slettom

Hanna f.1954, neste eigar

Hanna vart 1980 gift med Nils Åge Gården son til Kristian Gården f.1924 og Aslaug Jonsgard, Skjåk f.1923. Hanna og Nils Åge overtok i 1986. Hanna og Nils Åge har 1 barn:
Norodd f.1981

Roe gnr. 19 bnr. 14 vart frådelt frå Steine i 1987 med skjøte 1988 frå Hanna og Nils Åge Gården til Jan Valbjørsløkken.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Rudi

Tor Rudi 1835-1926 var i 1900 husmann på Rudi under oppigard sør Sandbu, i 1920 var han enkjemann og føderådsmann. Tor Hansen Sandbushaugen Rudi var son til Hans Johannesen Sandbueige Sandbushaugen 1793-1881 og Kari Olsdr. Blessemeige f.1800. Thor vart 1874 gift med Kari Knutsdotter Øygarden Kleppeeige f.1848 dotter til Knut Olsen Kleppeeige. I Norske Gardsbruk står det at slekta har vore her sidan 1876, i 1875 budde familien på Søremskleiven. Tor og Kari hadde 3 barn:

Hans 1867-1869

Hans 1879-1961 neste brukar

Ragnhild 1873-1909, g.m. Hans Knutsen Braaten f.1869. Til nørde Vassdokken.

Rudi gnr. 16 bnr. 9 vart 1927 frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte frå G G Sandbo til Hans T Rudi for kr 2500. I 1920 var Hans husmann. Hans vart 1898 gift med Mari Andersdotter Helstad, Lom 1875-1961. Hans og Mari hadde 4 barn:

Kari f.1898, g.m. Johannes Jakobsen Vassdokken søre 1895-1978

Anne f.1900

Tor 1904-1988, neste brukar

Marie f.1910

Tor overtok i 1954, han vart 1932 gift med Oleanna Nyhus 1909-1992 dotter til Ola Nyhus og Anne Ulsanden. Tor og Oleanna hadde 1 barn:

Mari 1932-1995, neste eigar

Mari vart 1950 gift med Knut M Løken f.1925 son til Mathis Løken og Anne J Stadeløkken. Mari overtok i 1989. Mari og Knut hadde 2 barn:

Oddrun f.1950, g.m. Stein Haugen f.1946

Anne f.1952, g.m. Ola Andvord Stokstad

Tor f.1954, neste eigar

Øivind f.1970, sbm. Cathrine Ålstedt

Tor Løken f.1954 overtok i 1995. Han vart 1975 gift med Martha Birkeland, Hyllestad i Sogn f.1950 dotter til Sverre Birkeland f.1908 og Else Kjørnes f.1918. Familien bur i Førde i Sunnfjord. Tor og Martha har 3 barn:

Anette f.1976

Stine f.1979

Malin f.1984

Skjellvegen 166, Bjørk gnr. 16 bnr. 18 vart 1973 frådelt frå oppigard sør Sandbu med skjøte 1974 frå Olav Gjesling Sandbo f.1910 til Stein Haugen f.1946. Stein var gift med Oddrun Rudi f.1950.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Voldheim

Voldheim gnr. 16 bnr. 7 vart 1917 frådelt frå Sandbusvolden gnr. 16 bnr. 6 som Knut Flatmo på nigard Sandbu makeskifta til seg frå oppigard Sandbu.

Voldheim gnr. 15 bnr. bnr. 10 vart 1917 frådelt frå nigard Sandbu gnr. 15 bnr. 1. Knut Flatmo hadde da heimel på nigard Sandbu.

I 1933 var det skjøte på gnr. 16 bnr. 7 frå Guri Flatmo i uskifta bu etter Knut Flatmo til Iver Voldheim for kr 300.

I 1947 var det skjøte på gnr. 15 bnr. 10 frå Guri Flatmo til Iver Voldheim for kr 200.

Nyborg gnr. 15 bnr. 21 vart 1946 frådelt frå Stordalen og Langmorkje almenning med skjøte 1947 frå Landbruksdepartementet til Iver voldheim for kr 270.

I 1920 var Iver Paulsen Heggerusten f.1881 smed og budde på Voldheim. Iver var gift med Mari Pedersdotter f.1872, dei hadde 6 barn:

Kristian 1902-1990, g.m. Ragna Oline 1913-2001. Til Sel.

Inga f.1905

Kristofer f.1908

Ingri f.1909

Paul 1911-1972, neste brukar

Pauline f.1914

Mari hadde tidlegare 1 barn:

Hans Olsen Heggerusten 1894-1975, g.m. Pauline Vassdokken f.1893. Til Hestlykkja.

Pål Voldheim overtok Voldheim gnr. 15 bnr. 10 og 21 samt gnr. 16 bnr. 7 etter faren i 1955. Han var gift med Agnes 1913-2003. Pål og Agnes hadde 3 barn:

Ivar 1937-2019

Oddvar, g.m. Astrid Gulbrandsdtr. Bjørnstad. Sjå Hestlykkja

Jorunn Marie f.1948, neste brukar

Jorunn Voldheim er gift med Pål Vesterås f.1943. I 1985 var det skjøte til Jorunn og Pål Vesterås.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Sandbushaugen

Hans Johannesen Svare 1794-1881 vart 1825 gift med Kari Olsdotter Blessemeige f.ca.1800. Frå 1831 vart dei nemnde som husmannsfolk på Sandbueige, Haugen under Sandbu eller Sandbushaugen. Hans og Kari hadde 7 barn:

Mari f.1826, g.m. John Johnsen Søremskleiven f.1833

Anders 1828-1917, neste brukar

Gunild f.1831

Iver f.1833

Thor 1835-1926, g.m. Kari Knutsdtr. Kleppeeige f.1848. Til Rudi.

Hans f.1839, til Søremskleiven

Ragnhild f.1842

Anders Hansen 1828-1917 var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord under nigard Sandbu. Anders vart 1858 gift med Thora Pedersdotter Lien 1836-1918 dotter til Peder Olsen Lien.

Anders og Thora hade 5 barn:

Hans f.1858, neste brukar

Ole f.1862

Iver f.1868

Marit f.1872

Thor f.1876

Sandbushaugen gnr. 15 bnr. 2 vart 1910 frådelt frå nigard Sandbu gnr. 15 bnr. 1 med skjøte 1911 frå Knut Flatmo til Hans A Sandbushaugen for kr 3000. Hans var gift med Marit Jakobsdotter Holen f.1859, i 1920 var ho enkje og føderådskone. Hans og Marit hadde 1 barn:
Marit f.1890, neste brukar

I 1919 var det kjøpekontrakt frå Marit Sandbushaugen til Marit H Sandbushaugen for kr 6500 inkl. lausøyre kr 1500 samt føderåd til seljar verdsett til kr 4000. I 1920 vart Marit H Sandbushaugen nemnd som småbrukar. Marit H Sandbushaugen vart 1921 gift med Rolv Vaagaasar d.1937. Rolv kjøpte Fellese i 1923 og familien flytta dit. Rolv og Marit hade 3 barn:

Julie f.1922
Mari f.1927
Hulda f.1928

I 1932 var det auksjonsskjøte til Ole J Tøndevoldshagen for kr 8000. Ola Tøndevoldshagen, Lesja 1891-1970 var son til Johan Tøndevoldshagen og Guri Olderløkken. Ola vart 1924 gift med Kari Vassdokken 1901-1972. Ola og Kari hadde 1 barn:

Ragnhild f.1926, neste brukar

Ragnhild vart 1950 gift med Olav Ulsletten f.1926 son til Ola Brekken f.1881 og Mari Ulsletten f.1886. Olav overtok etter svigerfaren i 1950. Ragnhild og Olav hadde 2 barn:

Karin Marie f.1950, g.m. Arne Breden
Oddveig f.1955, neste brukar

Oddveig var sambuar med Dag Amdal, dei har 1 barn:

Bente f.1997

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Furuhaug

Furuhaug gnr. 15 bnr. 16 vart frådelt frå nigard Sandbu i 1939 med skjøte frå Rudolf Olsen til Johannes Vassdokken for kr 1,-. Johannes Jakobsen Vassdokken søre 1895-1978 var son til Jakob Johannesen Ødegaarden 1870-1848 og Marit Johannesdotter Løkkesæteren, Heidal f.1869. Johannes vart 1922 gift med Kari H Rudi f.1898 dotter til Hans T Rudi 1879-1961 og Mari Andersdtr. Helstad, Lom 1875-1961. Johannes og Kari hadde 7 barn:

Jakob 1922-1985, g.m. Anna Magnhild Martinussen f.1920. Til søre Vassdokken.
Marie f.1924
Hans 1926-1981, neste eigar
Marit f.1928
Anne f.1930
Jens f.1932
Tora f.1935

I 1975 var det skjøte frå Johannes Vassdokken til sonen Hans Vassdokken.

I 1981 var det heimsovergang til syskjena Jakob Vassdokken 1922-1985, Marie Rudi f.1924, Marit Hoksvold f.1928, Anne Tøfte f.1930, Jens Vassdokken f.1932 og Tora Moløkken f.1935.

I 1988 var det skjøte på 1/6 frå Magnhild Vassdøkken i uskifte etter Jakob Vassdøkken til Kari Vassdøkken 1951-1992.

Husa på Furuhaug, gnr. 15 bnr. 29 vart frådelt i 1989 og Kåre Søremsaugen kjøpte gnr. 15 bnr. 16.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Solheim

Solheim gnr. 15 bnr. 8 som ligg mellom Sandbushaugen og Søremsaugen vart frådelt frå nigard Sandbu i 1914.

I 1920 var den ugifte Kari Moslingsdotter Solheim f.1883 småbrukar på Solheim. Kari var frå Rusthaug dotter til Guri Paulsdotter Rusthaug Randen 1852-1921 og Mosling Andreassen Stordalen f.1846. Kari hadde 2 barn:

Gudrun 1905-1952, faren var Johannes Nilsen Skaar, Hardanger f.1882. Gudrun g.m.

Asbjørn Ludvig Jensen 1913-1991. Asbjørn gift på nytt med Ester Lovise Jensen 1927-2001

Paul Pedersen Solheim 1910-1977, faren var Peder Rud, Oslo. Paul til Sverige. Paul hadde med Helga Gudbrandstuen 1913-1996 sonen Kjell Solheim f.1938-1982

Frank Carsten Jensen f.1949 har heimel frå 2021.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: grunnbok, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Seeiendom.no

Bjula Ulsletten

Stuen

I 1900 budde den gifte Brit J Søremsaugen f.1871 i Stuen under nigard Sandbu. Det er uklårt kvar denne stugu var. Brit Olsdotter Skårsbrækken 1871-1937 var dotter til Ole Johannesen. Brit vart 1896 gift med Johannes Olsen Søremsaugen 1872-1953 son til Ole Andersen. Johannes var i 1900 tenar på Sorem. Johannes og Brit kom seinare til Perstugu. Brit og Johannes hadde 6 barn:

Gunhild 1896-1966, g.m. Arthur Eriksen, Oslo

Ole 1898-1970, Anne Skjedsvoll 1902-1987. I Perstugu.
Karen 1903-1979, g.m. Ivar Rasmussen Brun 1900-1978
Eldri 1906-1923
Oline 1909-1996, g.m. Anton Larsen Løkken 1902-1995
Barbro 1915-1995, g.m. Jørgen Mathiasen Løkken 1913-1987. Neslykkja

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.